

## **Kulturstatistikk 2009**

---

**Statistiske analysar**

I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og - økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at - publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller tilretteleggingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå, desember 2010  
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen  
skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.

ISBN 978-82-537-7999-7 Trykt versjon  
ISBN 978-82-537-8000-9 Elektronisk versjon  
ISSN 0804-3221  
Emne: 07

Trykk: Statistisk sentralbyrå

**Standardteikn i tabellar****Symbol**

Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	
Desimalskiljeteikn	,

## Forord

Kulturstatistikk 2009 gir i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete frå ulike kulturområde, og tal for offentlege utgifter, privat forbruk og næringsstatistikk for kultur og kulturelle tenester.

Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur. Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon og vart t.o.m. 2003 publisert i serien Noregs offisielle statistikk. I åra 2004 og 2005 blei kulturstatistikk publisert i serien Statistiske analysar, mens ein gjekk attende til NOS-serien i 2006. Kulturstatistikk 2009 blir publisert i serien Statistiske analysar.

Kulturstatistikk 2009 er òg tilgjengeleg i pdf-format på Statistisk sentralbyrå sine Internetsider.

Hovudsvarleg for utarbeidinga av denne publikasjonen har vore Seksjon for utdanningsstatistikk i Statistisk sentralbyrå. Liv Taule har vore redaktør for publikasjonen og Asta Bårdseth har vore med på utarbeiding og innhenting av datagrunnlaget.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer også på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen Kulturstatistikk blir utarbeidd i samarbeid med Kulturdepartementet (tidlegare Kultur- og kyrkjedepartementet) som i hovudsak finansierer utarbeidinga av publikasjonen.

Statistisk sentralbyrå,  
Oslo/Kongsvinger, 26. november 2010

Øystein Olsen

## Samandrag

I denne publikasjonen presenterer vi oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur.

Nokre hovudresultat innanfor temaområda i publikasjonen:

- Offentlege utgifter til kultur  
Dei statlege utgiftene til kultur over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett i 2009 var 7,5 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på ein milliard kroner og dei kommunale utgiftene var på 7,7 milliardar kroner.
- Nærings- og sysselsetningsstatistikk  
I 2009 var det nær 34 000 små og store føretak blant kulturnæringane. Definisjonen på kulturnæringar er noko utvida i 2009, samstundes som ein har teke i bruk ny standard for næringsgruppering (SN2007). Desse næringane hadde over 120 000 sysselsette.
- Teater, opera, musikk og festivalar  
Etter fleire år med jamm auke i talet på besøk i institusjonsteatra og frie grupper innan dans og teater, er det registrert ein nedgang i tilskodartala i 2009. Totalt var det 2,3 millionar besøk i 2009. Til saman var over 433 000 publikum på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2009, og dei statlege utgiftene til musikk utgjorde over 708 millionar kroner. 2,8 millionar deltok på dei ulike arrangementa i regi av Den kulturelle skolesekken. Festivalar er framleis populære, over ein million var til stades på festivalar. Festivaltilskotsordninga er ei viktig tilskotsordning for musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller annan kvart år og som varar minst to dagar, i 2009 utgjorde den statlege støtta om lag 30 millionar kroner.
- Museum  
Dei norske musea hadde over 10 millionar besøk i 2009. Besøkstala representerer om lag 2,1 museumsbesøk per innbyggjar. Talet på museumsbesøk har halde seg stabilt dei to siste åra. Musea forvaltar nær 43 millionar objekt og 4 900 kulturhistoriske bygningar.
- Bibliotek  
Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg. Kvart år mottek dei mellom 100- og 200 000 dokument, filmar osb., forutan mange millionar registrerte vevdokument. Både tal på besøk og utlån i folkebiblioteka har halde seg stabile dei siste åra, respektive 4,7 besøk per innbyggjar og 5,2 utlån per innbyggjar. Fylkesbiblioteka har hatt ein nedgang i utlån, mens biblioteka i grunnskolen og den vidaregåande skolen har hatt auke.
- Bøker  
Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2009 syner at 27 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag. I 2008 var talet 23 prosent. Den totale omsetninga av bøker var på 6,2 milliardar kroner målt i utsalsprisar.
- Kulturminne  
Per 31. desember 2009 var det registrert totalt 194 700 freda kulturminne i databasen til Riksantikvaren. Det er registrert flest kulturminne datert frå jernalderen, knapt 67 000.
- Film og kino  
Nøkkeltala for kinoåret 2009 syner at det var eit godt kinoår. Det var 12,7 millionar kinobesøk, 800 000 eller 7 prosent fleire besøk enn i 2008. Over 2,6 millionar av kinobesøka i 2009 var på norsk filmar. Dette utgjer 20,6 prosent av samla kinobesøk.

## Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Offentlege utgifter .....</b>	<b>6</b>
1.1. Nokre resultat .....	6
1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene .....	11
1.3. Omgrep og definisjonar .....	12
1.4. Samanlikningar .....	13
<b>2. Privat forbruk.....</b>	<b>20</b>
2.1. Nokre resultat .....	20
2.2. Om statistikken – privat forbruk .....	23
<b>3. Nærings- og sysselsetningsstatistikk .....</b>	<b>26</b>
3.1. Nokre resultat .....	26
3.2. Om statistikken .....	31
3.3. Omgrep og definisjonar .....	32
<b>4. Kunstpolitiske tiltak .....</b>	<b>49</b>
4.1. Nokre resultat .....	49
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane .....	52
<b>5. Scenekunst.....</b>	<b>59</b>
5.1. Nokre resultat .....	59
5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane .....	62
<b>6. Musikk.....</b>	<b>70</b>
6.1. Nokre resultat .....	70
6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet .....	72
<b>7. Festivalar .....</b>	<b>82</b>
7.1. Nokre resultat .....	82
7.2. Om statistikken - festivalar .....	84
<b>8. Museum og samlingar .....</b>	<b>87</b>
8.1. Nokre resultat .....	87
8.2. Om museumsstatistikken .....	92
8.3. Kulturburuksundersøkingane .....	94
<b>9. Bibliotek .....</b>	<b>103</b>
9.1. Nokre resultat .....	103
9.2. Om bibliotekstatistikken .....	106
9.3. Pliktavlevering .....	108
9.4. Kulturburuksundersøkingane .....	108
<b>10. Arkiv.....</b>	<b>118</b>
10.1. Nokre resultat .....	118
10.2. Om statistikken - Arkivstatistikk .....	120
<b>11. Bøker.....</b>	<b>125</b>
11.1. Nokre resultat .....	125
11.2. Om bokstatistikken .....	127
11.3. Omgrep .....	128
11.4. Feilkjelder og uvisse .....	128
<b>12. Aviser, vekepresse og fagpresse .....</b>	<b>134</b>
12.1. Nokre resultat .....	134
12.2. Om statistikken – avisar, vekepresse og fagpresse .....	137
<b>13. Film og kino.....</b>	<b>142</b>
13.1. Nokre resultat .....	142
13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane .....	144
13.3. Omfang, publisering og samanlikningar .....	145
<b>14. Radio og TV.....</b>	<b>151</b>
14.1. Nokre resultat .....	151
14.2. Om radio- og TV-statistikken .....	156
<b>15. Kulturminne.....</b>	<b>164</b>
15.1. Nokre resultat .....	164
15.2. Om statistikken kulturminne og kulturminnevern .....	166
<b>16. Idrett og friluftsliv .....</b>	<b>174</b>
16.1. Nokre resultat .....	174
16.2. Om statistikken og organisasjonane .....	176
<b>17. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja .....</b>	<b>183</b>
17.1. Nokre resultat .....	183
17.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja .....	185
<b>Figurregister .....</b>	<b>193</b>
<b>Tabellregister .....</b>	<b>195</b>

## 1. Offentlege utgifter


### 1.1. Nokre resultat

*Offentlege utgifter til kultur  
2009*

Rekneskapane for 2009 syner at:

- Dei statlege utgiftene til kultur var 7,5 milliardar kroner over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) – 1 540 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt
- Fylkeskommunane sine netto driftsutgifter til kulturformål var ein milliard kroner – 210 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt
- Kommunane sine netto driftsutgifter til kultur var 7,7 milliardar kroner – 1 584 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt

**Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur. 2008-2009. Millionar kroner**



Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet og Statistisk sentralbyrå.

#### 1.1.1. Offentlege utgifter - stat

*Statlege utgifter til kultur –  
1 540 kroner per innbyggjar*

Kultur- og kyrkjedepartementet sine rekneskapstal viser at det totalt vart løyvd 9,1 milliardar kroner til departementets ulike formål i 2009. Det var ein auke på 1,2 milliardar kroner eller over 14 prosent sidan 2008. KKD sine samla utgifter var 0,65 prosent av dei samla statlege utgiftene i 2009.

Dei ulike kategoriane til kulturformål i rekneskapen, utanom Den norske kyrkja<sup>1</sup>, utgjorde 82 prosent av desse pengane eller 7,5 milliardar kroner. Det svarar til 1 540 kroner per innbyggjar. Tilsvarande beløp for 2008 var respektive 6,5 milliardar kroner og 1 354 kroner per innbyggjar. Frå 2008 til 2009 var det ein auke i statens utgifter til kultur med 15 prosent, noko som speglar av satsinga på Kulturløftet. Programkategorien 08.20, Kulturformål, utgjorde den største utgiftsposten med 5 537 millionar kroner. Dette beløpet representerer ein auke på nær 12 prosent frå 2008. Innanfor kategorien Kulturformål var Scenekunstformål størst med 1 375 millionar kroner. Programkategorien Frivillighetsformål (08.15) vart styrkt med om lag 72 prosent, eller 335 millionar kroner i 2009.

Overskotet frå Norsk Tipping AS blir også overført til kultur- og idrettsformål. Hovudfordelinga av spelemidlane i 2009 syner at 417 millionar kroner gjekk til kulturformål, det same som for 2008, og 1 558 millionar kroner til idrettssektoren.

<sup>1</sup> Frå 1.1.2010 høyrer Den norske kyrkja til eit anna departement, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Spelemidlane til idrett auka med 140 millionar kroner i 2009. Heile dette heva beløpet er gitt i overgangsmidlar som erstatning for at inntektene frå speleautomatar har falle bort. For 2009 vart det total overført 308 millionar kroner til dette formålet. Idrettsanlegga fekk 688 millionar kroner i 2009, 0,3 prosent lågare enn i 2008. Tabell 1.1.2 viser hovudfordelinga til idretten.

Spelemidlane til kultur har halde seg på same beløp dei to siste åra. Av midlane til kultur fekk Den kulturelle skolesekken 167 millionar kroner og Frifond 125 millionar til fordeling. Desse beløpa har også halde seg stabile. Tabell 1.1.3 viser fleire detaljar om hovudfordelinga til kulturformål. Tabell 1.1.4 viser rekneskapstal for Den kulturelle skolesekken i grunnskolen for dei tre siste skoleåra. Tala er henta inn via rapportering frå fylkeskommunane til Sekretariatet for Den kulturelle skolesekken i ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Sjå også kapittel 6.


### **1.1.2. Offentlege utgifter - fylkeskommunar**

*210 kroner til kulturformål i  
fylkeskommunane*

Rapporteringa i KOSTRA viser at fylkeskommunane sine netto driftsutgifter til kulturformål var drygt 1 milliard kroner eller 1,7 prosent av totale netto driftsutgifter i 2009, om lag same del som dei to siste åra. Netto driftsutgifter auka med 50 millionar kroner, eller 5 prosent frå 2008, litt høgare årleg auke enn i dei to føregåande åra.

I gjennomsnitt gjekk det 210 kroner per innbyggjar i netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane i 2008, Oslo inkludert. I 2009 brukte Sogn og Fjordane fylkeskommune 506 kroner per innbyggjar til kulturformål mot 413 kroner i 2008. Finnmark fylkeskommune brukte 460 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2009, mot 527 i 2008. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av deira utgifter til kultur da Oslo både er kommune og fylkeskommune. Oslo rapporterer både som kommune og fylkeskommune. Sjølv om det kan vere noko uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbelrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene. Tabellane 1.2.1 til 1.2.4 syner fleire detaljar frå fylkeskommunane sine rekneskapar.


**Figur 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane. 2009. Kroner per innbyggjar**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

”Museum” i fylkeskommunane sine rekneskapar tek 30 prosent av nettoutgiftene, eller om lag 307 millionar kroner. Dette er ei styrking av museum i fylkeskommunane på 27 prosent samanlikna med 2008. Nettoutgiftene til ”Kunstformidling” låg på 28 prosent eller 281 millionar kroner i 2009.

For 2009 viser tala at netto driftsutgifter til idrett (funksjon 775) totalt var positive. Fleire fylkeskommuner hadde større inntekter enn utgifter på denne funksjonen. Det kjem i hovudsak av ein stor auke i statlege overføringer av spelemidlar frå 2008 til 2009, både den delen av spelemidla som er fylkeskommunal og den delen som blir formidla vidare til kommunane. Det kan også sjå ut som om den fylkeskommunale delen av spelemidla som svarer til 2009 er høgare enn dei føregåande åra. Viss ein ser på fordelinga for dei ulike funksjonane i fylkeskommunane, syner tala at Akershus fylkeskommune brukte 36 prosent av sine utgifter til idrett, litt lågare del enn i 2008. I sju fylkeskommunar var netto driftsugifter til ”Kunstformidling” over 40 prosent av dei totale utgiftene til kulturformål. Vest-Agder brukte 60 prosent av kulturpengane til kunstformidling.

**Figur 1.2.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturformål i fylkeskommunane. 2009. Prosent**

<sup>1</sup> På grunn av positive netto driftsutgifter blir fordelinga skeiv. Sjå teksten.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


Fylkeskommunane sine brutto investeringsutgifter til kulturformål i 2009 var 168 millionar kroner. Dette syner nok eit år med høge investeringar i fylkeskommunane. Ser ein på gjennomsnittet for dei tre åra i perioden 2007-2009, har fylkeskommunane brukt 83 millionar kroner til brutto investeringsutgifter, om lag 40 millionar meir enn gjennomsnittet for treårsperioden 2006-2008. Nordland og Buskerud fylkeskommunar står for størstedelen av dei investerte kronene i den siste treårsperioden, med respektive 45 og 20 millionar kroner.

### 1.1.3. Offentlege utgifter - kommunar


4,2 prosent til kultur i kommunane

Tala for kommunane sine utgifter er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2009 syner at kommunane sine netto driftsutgifter til kultur var 7,7 milliardar kroner eller 4,2 prosent av totale netto driftsutgifter, Oslo inkludert. Tala gjeld kommunen som konsern, jf. kap. 1.3, rekneskapsomfang. Det er ein auke i utgiftene til kultur på om lag 3 prosent frå 2008, mens delen i høve til dei totale netto driftsutgiftene ligg litt lågare (0,2 prosentpoeng). Tala for Den norske kyrkja finn ein i kap. 17.

Den største kulturposten i kommunane sine rekneskapar er idrett. Kommunane brukte totalt 2,2 milliardar kroner eller 28 prosent til ”idrett” i 2009. I høve til dei totale netto driftsutgiftene gjekk 1,2 prosent til idrett. Posten ”andre kulturaktivitetar” representerte 21 prosent med 1,6 milliardar kroner. Utgifter til ”folkebibliotek” kjem på 1,2 milliardar kroner eller 15,4 prosent i 2009. Dette er ein svak auke i høve til 2008 på 0,9 prosent. Delen til ”folkebibliotek” i høve til kulturutgiftene var 15,4 prosent, ein litt lågare del enn i 2008. Netto driftsutgifter til museum i kommunane er 3,8 prosent, men museumsområdet hadde den største prosentvise auken med 6,4 prosent i 2009. I tillegg til figurane under, syner tabellane 1.3.1 til 1.3.4 detaljar frå kommunerekneskapane.

**Figur 1.3.1. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern. 2009. Prosent**

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Figur 1.3.2. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2009. Kroner per innbyggjar**


Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1 584 kroner per innbyggjar til kultur**

I gjennomsnitt brukte kommunane 1 584 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2009, 30 kroner meir enn i 2008. Framleis er det kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur med 2 699 kroner per innbyggjar, ein auke på 185 kroner, og Østfold minst med 1 269 kroner per innbyggjar, ein auke på 30 kroner samanlikna med året før.

Som nemnd over, brukte kommunane i gjennomsnitt 4,2 prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål i 2009. Kommunane i Rogaland og Finnmark brukte høgst del av dei totale netto driftsutgiftene til kultur i 2009, i gjennomsnitt 5,4 prosent i kvart fylke. Kommunane i Hedmark brukte lågast del til kultur med 3,5 prosent.

**Figur 1.3.3. Netto driftsutgifter til kultur for kommunkonsern, etter fylke. 2008-2009. Prosent av totale netto driftsutgifter**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## 1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene

Dei statlege utgiftene syner i hovudsak utgifter over Kultur- og kyrkjedepartementet<sup>2</sup> sitt budsjett slik det går fram av Prop. 1 S i oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter baserer seg på rekneskapane deira som kvart år blir handsama av KOSTRA-systemet. Tala blir publiserte hos SSB på ssb.no, KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

**KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering)**

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstilt for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre blir rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike formål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og oppretta tal 15. juni. I nøkkeltala blir data sette saman, både tal som blir rapporterte direkte frå kommunane til SSB, og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane

<sup>2</sup> Frå 1.1.2010 Kulturdepartementet.

hatt høve til å rette feil og manglar i sine data, og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

### 1.3. Omgrep og definisjonar

#### *Spellemidlane*

Kvarter sidan 1948 har overskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige formål. Det samla overskotet frå Norsk Tipping AS i 2008 var på 3 425 millionar kroner (Års- og samfunnsrapport 2008, Norsk Tipping AS). Frå 2009 gjeld ein ny fordelingsnøkkel for speleoverskotet frå Norsk Tipping, 45,5 prosent går til idrettsformål, 36,5 prosent går til kulturformål og 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje er knytte til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Midlane til idrettsformål og samfunnsnyttige formål blir fordelt av Kongen. Av midlane til kulturformål skal 2/3 fordelast av Stortinget og 1/3 av Kongen. Av midlane som fordelast av Kongen, skal om lag 40 prosent gå til å realisere den kulturelle skolesekken over heile landet, om lag 30 prosent til Frifond og om lag 30 prosent til investeringar og vedlikehald av lokale/regionale kulturelle møteplassar (St.prp. nr. 1, 2009-2010. Kultur- og kyrkjedepartementet).

#### *Rekneskapsomfang*

Kommunekonsern består av kommunen og særbedriftene som utfører kommunale oppgåver for kommunen som kommunen elles ville ha utført sjølv. Særbedrifter vil seie kommunale føretak organiserte etter kapittel 11 i kommunelova og interkommunale selskap organiserte etter lov om interkommunale selskap. Konserntal gjeld frå og med 2007.

#### *Netto driftsutgifter totalt*

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivningar etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylket eller kommunen si prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

#### *Brutto driftsutgifter*

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivningar korrigerte for dobbeltføringer som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter blir korrigerte for artane 710 Sjukelønnsrefusjon og 729 Kompensasjon mva tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korrekjonar blir ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter blir korrigerte for art 728 Kompensasjon mva tillagde i investeringsrekneskapen. For nærmare informasjon, sjå: <http://www.ssb.no/kostra/> Fagleg rettleiing.

#### *Brutto investeringsutgifter*

Brutto investeringsutgifter syner investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsal. For å vise prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar, blir det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar. For fleire definisjonar brukta i KOSTRA, sjå <http://www.ssb.no/kostra/> Om statistikken.

#### *Rekneskapsfunksjonar til kulturformål - fylkeskommunar*

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling
- 722 Kunstproduksjon
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar<sup>3</sup>

<sup>3</sup> Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utadretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nækringkasting eller anna lokal mediaverksamhet.

**Rekneskapsfunksjonar til kulturformål - kommunar**

- 231 Aktivitetstilbod til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Kommunale musikk- og kulturskolar
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg<sup>4</sup>
- 386 Kommunale kulturbygg

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 Idrett, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 Andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårlig rapportering på desse funksjonane etter at dei blei innførde i kommunerekneskapen frå 2008.

## **1.4. Samanlikningar**

**Samanlikningar over tid og stad**

KOSTRA-tala omfattar tal f.o.m. 1999, frå det tidspunktet kommunen kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølvé prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1.1.2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærmare forklaring viser ein til Fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B – 2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane for 2007 til 2009 gjeld kommunekonsern. Tabellane for kapittel 1.1.3 omfattar kommunane sine utgifter til kulturformål. For tidlegare årgangar, sjå Kulturstatistikk 2008.

**Samanheng med annan statistikk**

Eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal, korttidsstatistikk og årsstatistikk innanfor same emne, og høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område, vil det bli gitt informasjon om for kvart enkelt område.

**Referansar:**

Prop. 1 S, 2009-2010. Kultur- og kyrkjedepartementet  
Norsk Tipping AS, Års- og samfunnsrapport 2008

**Meir informasjon:**

Kulturdepartementet: <http://www.regjeringen.no>  
Spelemidlane: <http://www.spillemidlene.no>  
Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kostra/>

---

<sup>4</sup> Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kulturdagar og hendingar som blir drivne av eller er baserte på frivillig medverknad.

**1.1.1. Utgifter over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 2004-2009. Rekneskapstal 2004-2009. Løyvingar. Millionar kroner og prosent**

	Absolutte tal						Prosent					
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>I alt</b>	<b>5 851,1</b>	<b>6 512,0</b>	<b>6 822,5</b>	<b>7 316,2</b>	<b>7 934,4</b>	<b>9 090,9</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Administrasjon m.m. <sup>4</sup>	149,4	152,7	165,6	177,2	179,7	195,4	2,6	2,3	2,4	2,4	2,3	2,1
<b>Frivillighetsformål i alt</b>	<b>122,5</b>	<b>380,4</b>	<b>383,7</b>	<b>439,6</b>	<b>465,7</b>	<b>800,5</b>	<b>2,1</b>	<b>5,8</b>	<b>5,6</b>	<b>6,0</b>	<b>5,9</b>	<b>8,8</b>
Frivillighetsformål	0,0	262,4	263,6	292,9	309,2	596,6	0,0	4,0	3,9	4,0	3,4	6,6
Kultur og samfunn	-	-	-	-	-	25,9	-	-	-	-	-	0,3
Tilskot til trussamfunn m.m.	122,5	118,0	120,1	146,7	156,4	178,0	2,1	1,8	1,8	2,0	2,0	2,0
<b>Kulturformål i alt</b>	<b>3 688,4</b>	<b>3 990,8</b>	<b>4 128,9</b>	<b>4 465,6</b>	<b>4 954,4</b>	<b>5 536,9</b>	<b>63,0</b>	<b>61,3</b>	<b>60,5</b>	<b>62,4</b>	<b>62,4</b>	<b>60,9</b>
Allmenne kulturformål <sup>1</sup>	280,3	355,6	304,5	358,0	394,3	411,9	6,1	4,7	4,5	4,9	4,9	4,5
Kulturbrygg <sup>2</sup>	119,5	152,5	24,5	37,4	80,0	207,4	2,6	0,4	0,4	0,5	1,0	2,3
Norsk kulturråd <sup>3</sup>	249,6	260,7	287,0	300,1	39,6	39,9	4,5	4,4	4,2	4,1	0,5	0,4
Kunstnarformål	293,0	302,4	310,6	325,1	345,1	364,9	5,2	4,8	4,6	4,4	4,3	4,0
Biletkunst mv.	272,6	293,2	278,7	303,4	343,2	378,0	5,0	4,3	4,1	4,1	4,3	4,2
Musikkformål	455,5	482,6	508,0	560,8	708,5	811,5	8,2	7,8	7,4	7,7	8,9	8,9
Scenekunstformål	874,4	900,5	963,9	1 059,2	1 254,7	1 374,9	15,4	14,8	14,1	14,5	15,8	15,1
Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum	113,7	102,2	118,9	127,4	128,7	136,3	1,7	1,8	1,7	1,7	1,6	1,5
Språk-, litteratur- og bibliotekformål	350,6	419,9	493,2	484,9	651,3	723,5	7,2	7,6	7,2	6,6	8,2	8,0
Museums- og andre kulturverIFORMÅL	493,6	515,7	613,1	675,0	756,5	808,4	8,8	9,4	9,0	9,2	9,5	8,9
Arkivformål	185,6	205,5	226,5	234,3	252,7	280,2	3,5	3,5	3,3	3,2	3,2	3,1
<b>Film og media</b>	<b>761,7</b>	<b>781,7</b>	<b>850,7</b>	<b>880,8</b>	<b>900,4</b>	<b>946,8</b>	<b>13,0</b>	<b>12,0</b>	<b>12,5</b>	<b>12,0</b>	<b>11,3</b>	<b>10,4</b>
<b>Den norske kyrkja</b>	<b>1 129,0</b>	<b>1 206,3</b>	<b>1 293,7</b>	<b>1 352,9</b>	<b>1 434,1</b>	<b>1 611,5</b>	<b>20,6</b>	<b>19,9</b>	<b>19,0</b>	<b>18,5</b>	<b>18,1</b>	<b>17,7</b>
Prosent av statlege midlar i alt <sup>5</sup>	0,6	0,6	0,5	0,6	0,6	0,6	-	-	-	-	-	-
Prosent av BNP i alt	0,4	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	-	-	-	-	-	-

<sup>1</sup> Ikke inkl. løyvingar til kulturbrygg og midlar frå Norsk kulturfond. <sup>2</sup> Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbrygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna.

<sup>3</sup> Inkl. berre Norsk kulturfond. <sup>4</sup> Gjeld drift av Kultur- og kyrkjedepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet. <sup>5</sup> Medrekna folketrygda.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2009. Millionar kroner**

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>I alt</b>	<b>824,0</b>	<b>858,3</b>	<b>1 050,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 250,0</b>	<b>1 418,0</b>	<b>1 558,4</b>
Idrettsanlegg	370,8	415,0	546,5	656,2	665,5	664,4	695,0	690,0	687,6
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg	37,5	13,0	26,0	22,6	5,2	1,5	13,1	19,6	26,4
Forsknings- og utviklingsarbeid	20,5	20,9	24,7	23,4	23,6	22,8	24,0	20,4	9,6
Spesielle aktivitetar	23,3	23,9	33,4	37,9	36,7	42,3	40,9	41,0	47,8
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	289,5	299,5	314,4	340,0	349,0	349,0	352,0	354,0	354,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	82,4	86,0	105,0	120,0	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0
Overgangsmidlar	-	-	-	-	-	-	-	168,0	308,0

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. 2003-2009. Millionar kroner**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>I alt</b>	<b>150,0</b>	<b>300,0</b>	<b>400,0</b>	<b>400,0</b>	<b>416,7</b>	<b>416,7</b>	<b>416,7</b>
<b>Den kulturelle skolesekken</b>							
Lokale tiltak	36,0	84,0	128,0	128,0	134,0	147,5	147,5
Grunnskolen	-	-	-	-	128,0	122,0	122,0
Vidaregående skole	-	-	-	-	<sup>2</sup> 6,0	25,5	25,5
Sentrale prosjekt	24,0	36,0	32,0	33,0	33,0	19,5	19,5
<b>Frifond<sup>1</sup></b>	<b>45,0</b>	<b>90,0</b>	<b>120,0</b>	<b>120,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>
<b>Kulturbrygg</b>							
Regionale kulturbrygg	16,3	26,0	-	-	-	-	-
Lokale kulturbrygg	28,7	29,0	-	-	-	-	-
Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus	-	-	48,0	48,0	49,7	49,7	49,7
Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur	-	35,0	72,0	71,0	75,0	75,0	75,0

<sup>1</sup> Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gitt til barn og ungdom som driv med frivillige aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.

<sup>2</sup> Prosjektmidlar for bruk til utviding av vidaregående skole i utvalde kommunar.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**1.1.4. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen<sup>1</sup>. Inntekter og utgifter. 2006/2007-2008/2009**

	2006/2007	2007/2008	2008/2009
1 000 kroner			
<b>Inntekter totalt</b>	<b>214 863</b>	<b>226 606</b>	<b>228 173</b>
Spelemidlar <sup>2</sup>	122 157	121 930	122 367
Eigne midlar/eigeninnsats	45 518	49 359	55 749
Refusjonar <sup>3</sup>	27 353	33 489	32 833
Eigendelar frå kommunane	17 039	18 492	11 415
Anna <sup>4</sup>	2 795	3 334	5 810
<b>Utgifter totalt</b>	<b>202 217</b>	<b>207 113</b>	<b>208 375</b>
Formidling/innhald	106 833	110 941	109 710
Administrasjon	35 683	33 055	36 595
Nettverk/ kulturorganisasjonar	1 983	3 045	3 569
Nettverk anna	2 912	2 384	2 369
Overføringer til kommunane	53 560	55 036	53 873
Anna	1 246	2 653	2 259

<sup>1</sup> Basert på rapportar frå fylkeskommunane. <sup>2</sup> Fylkeskommunens eigne spelemidlar. <sup>3</sup> Frå Rikskonsertane og Norsk scenekunstbruk. <sup>4</sup> Inkludert renteinntekter.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken.

**1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2009. Millionar kroner**

	Netto driftsutgifter i alt	Bibliotek	Museum	Kunst-formidling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006	873,8	116,5	230,1	262,8	47,0	85,9	131,5
2007	943,7	124,4	264,9	268,7	56,0	59,9	169,8
2008	972,6	118,5	242,2	249,5	62,9	89,1	210,5
2009	1 022,3	126,6	306,7	280,8	59,0	-8,3	257,5
<b>2009</b>							
Østfold	34,8	4,6	13,1	15,5	1,5	-7,8	7,9
Akershus	82,0	11,0	15,0	9,1	3,2	29,8	13,9
Oslo	3,2	3,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark	51,3	4,8	12,3	23,0	0,3	-7,1	17,9
Oppland	55,7	6,3	18,4	26,1	0,3	5,6	-1,1
Buskerud	51,0	8,4	18,7	12,2	0,3	3,0	8,4
Vestfold	65,0	9,6	24,9	4,0	0,0	3,5	23,0
Telemark	16,6	5,7	7,0	10,0	0,0	-12,7	6,6
Aust-Agder	21,6	3,0	10,5	6,7	2,6	-3,2	1,9
Vest-Agder	31,3	3,3	13,8	14,8	1,5	-7,0	4,9
Rogaland	105,1	3,4	26,5	24,2	7,6	0,0	43,4
Hordaland	104,3	7,7	36,9	28,4	0,0	6,9	24,4
Sogn og Fjordane	54,2	5,3	19,5	9,0	0,0	2,1	18,3
Møre og Romsdal	55,6	8,9	17,1	23,3	-0,5	-2,8	9,6
Sør-Trøndelag	73,9	7,5	20,4	33,4	0,2	-5,8	18,3
Nord-Trøndelag	43,7	5,5	12,8	13,2	0,4	-9,3	21,1
Nordland	89,4	13,5	23,7	12,4	7,3	3,6	28,9
Troms/Romsdal	50,1	8,3	10,3	11,6	26,7	-11,4	4,7
Finnmark/Finnmárku	33,5	6,6	5,8	3,8	7,4	4,4	5,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2009. Prosent**

	Bibliotek	Museum	Kunst-formidling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006 .....	13,3	26,3	30,1	5,4	9,8	15,0
2007 .....	13,2	28,1	28,5	5,9	6,3	18,0
2008 .....	12,2	24,9	25,7	6,5	9,2	21,6
2009 .....	12,4	30,0	27,5	5,8	-0,8	25,2
<b>2009</b>						
Østfold .....	13,1	37,7	44,6	4,3	-22,3	22,7
Akershus .....	13,5	18,2	11,1	3,9	36,3	16,9
Oslo .....	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark .....	9,4	23,9	44,8	0,6	-13,8	35,0
Oppland .....	11,4	33,1	46,8	0,5	10,1	-1,9
Buskerud .....	16,5	36,6	24,0	0,6	6,0	16,4
Vestfold .....	14,8	38,4	6,1	0,0	5,4	35,4
Telemark .....	34,3	42,1	60,2	0,0	-76,2	39,6
Aust-Agder .....	14,0	48,6	31,1	12,2	-14,8	8,9
Vest-Agder .....	10,5	44,0	47,4	4,9	-22,4	15,6
Rogaland .....	3,3	25,2	23,0	7,2	0,0	41,3
Hordaland .....	7,4	35,4	27,3	0,0	6,6	23,4
Sogn og Fjordane .....	9,8	36,0	16,6	0,0	3,9	33,8
Møre og Romsdal .....	16,0	30,8	41,9	-0,9	-5,0	17,2
Sør-Trøndelag .....	10,1	27,6	45,2	0,3	-7,9	24,8
Nord-Trøndelag .....	12,6	29,2	30,2	1,0	-21,3	48,3
Nordland .....	15,1	26,5	13,9	8,2	4,0	32,3
Troms Romsa .....	16,6	20,5	23,1	53,3	-22,7	9,3
Finnmark Finnmark .....	19,8	17,4	11,4	22,2	13,0	16,2

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturformål. Totalt og gjennomsnitt 2007-2009. Fylkeskommunar. Millionar kroner**

	Netto driftsutgifter	Brutto driftsutgifter	Brutto investeringsutgifter
2007 .....	943,7	1 856,9	15,5
2008 .....	972,6	1 920,0	64,5
2009 .....	1 022,3	2 290,0	168,3
<b>Gjennomsnitt 2007-2009</b>			
<b>Heile landet .....</b>	<b>979,6</b>	<b>2 022,3</b>	<b>82,8</b>
Østfold .....	36,4	93,5	1,5
Akershus .....	71,7	141,0	1,1
Oslo .....	3,1	16,6	0,0
Hedmark .....	48,3	88,9	0,3
Oppland .....	44,4	82,7	0,2
Buskerud .....	47,5	98,7	0,3
Vestfold .....	49,7	105,1	19,9
Telemark .....	25,5	67,6	0,0
Aust-Agder .....	28,9	64,3	0,0
Vest-Agder .....	39,6	81,4	5,6
Rogaland .....	107,6	198,7	0,1
Hordaland .....	100,8	195,9	5,3
Sogn og Fjordane .....	49,2	93,2	0,0
Møre og Romsdal .....	55,7	119,7	0,7
Sør-Trøndelag .....	72,2	132,4	0,0
Nord-Trøndelag .....	31,4	84,4	0,8
Nordland .....	79,8	164,2	45,2
Troms Romsa .....	55,4	117,5	1,3
Finnmark Finnmark .....	32,5	76,5	0,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.2.4. Netto driftsutgifter til kulturformål i prosent av totale netto driftsutgifter. Fylkeskommunar. 2005-2009**

2005 .....	1,58
2006 .....	1,79
2007 .....	1,78
2008 .....	1,68
2009 .....	1,67
Østfold .....	1,77
Akershus .....	2,00
Oslo .....	0,01
Hedmark .....	3,08
Oppland .....	3,52
Buskerud .....	2,75
Vestfold .....	4,08
Telemark .....	1,29
Aust-Agder .....	2,29
Vest-Agder .....	2,40
Rogaland .....	3,09
Hordaland .....	2,76
Sogn og Fjordane .....	4,16
Møre og Romsdal .....	2,54
Sør-Trøndelag .....	3,38
Nord-Trøndelag .....	3,14
Nordland .....	3,30
Troms Romsa .....	3,06
Finnmark Finnmark .....	3,94

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.3.1. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2008-2009**

	2008			2009			Endring 2008/2009. Kroner per innbyggjar
	Netto drifts- utgifter	Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	Netto drifts- utgifter	Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	
	1 000 kroner	Kroner	Prosent	1 000 kroner	Kroner	Prosent	Kroner
I alt .....	<b>7 457 630</b>	<b>1 554</b>	<b>4,4</b>	<b>7 694 889</b>	<b>1 584</b>	<b>4,2</b>	<b>30</b>
<b>Fylke</b>							
Østfold .....	332 812	1 239	3,8	344 729	1 269	3,6	30
Hedmark .....	263 942	1 389	4,7	254 921	1 337	4,4	-52
Vestfold .....	312 707	1 365	3,9	324 279	1 402	3,8	37
Nord-Trøndelag .....	168 335	1 288	3,9	185 119	1 407	3,5	119
Akershus .....	742 151	1 407	4,0	764 693	1 425	3,7	19
Oppland .....	271 136	1 471	4,6	267 134	1 442	4,3	-29
Møre og Romsdal .....	348 099	1 400	4,3	366 803	1 460	4,1	60
Buskerud .....	389 045	1 528	4,7	398 324	1 546	4,7	18
Troms Romsa .....	243 261	1 564	4,3	244 905	1 565	4,5	1
Sogn og Fjordane .....	157 433	1 479	4,4	168 635	1 575	4,3	96
Sør-Trøndelag .....	459 746	1 603	5,8	458 376	1 578	5,4	-26
Oslo .....	886 632	1 541	4,8	936 843	1 596	4,4	56
Hordaland .....	784 117	1 669	3,7	766 202	1 606	3,7	-64
Vest-Agder .....	256 607	1 525	3,9	276 985	1 626	3,8	100
Nordland .....	374 763	1 592	4,9	400 342	1 694	4,6	102
Aust-Agder .....	166 027	1 546	3,8	186 582	1 720	3,7	173
Telemark .....	295 718	1 765	4,1	313 014	1 861	4,1	96
Rogaland .....	822 863	1 957	4,3	840 356	1 964	4,0	7
Finnmark Finnmark .....	182 236	2 514	5,6	196 647	2 699	5,4	185

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.3.2. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2008-2009. Millionar kroner**

	Kultur i alt	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett <sup>1</sup>	Kultur- og musikk-skolar	Andre kulturaraktivitetar <sup>2</sup>
2008 .....	7 452,0	861,1	1 177,5	60,6	273,0	423,2	2 035,5	1 022,7	1 598,4
2009 .....	7 694,9	895,0	1 188,2	48,8	290,4	416,6	2 155,6	1 071,9	1 628,4
<b>2009</b>									
Østfold .....	344,7	39,3	58,4	-0,8	13,6	9,1	103,1	33,1	89,0
Akershus .....	764,7	89,3	131,9	-1,5	7,9	15,7	265,8	110,7	145,0
Oslo .....	936,8	209,7	116,1	0,0	54,6	1,6	279,1	37,8	238,0
Hedmark .....	254,9	30,9	47,0	6,2	6,7	8,6	56,6	46,2	52,7
Oppland .....	267,1	22,3	53,2	3,3	13,3	5,0	63,2	45,7	61,1
Buskerud .....	398,3	35,8	69,3	4,7	11,4	15,2	107,5	53,9	100,6
Vestfold .....	324,3	30,6	59,5	2,3	8,4	20,2	99,8	38,2	65,3
Telemark .....	313,0	31,9	50,7	3,7	7,8	18,1	93,3	49,8	57,8
Aust-Agder .....	186,6	14,4	29,7	2,4	9,7	4,3	43,7	22,6	59,8
Vest-Agder .....	277,0	31,9	42,5	2,4	16,4	25,1	64,7	33,8	60,1
Rogaland .....	840,4	90,2	90,3	5,8	35,1	72,5	232,6	118,7	195,1
Hordaland .....	766,2	75,7	111,1	1,9	26,6	86,7	244,6	108,3	111,3
Sogn og Fjordane .....	168,6	10,7	33,0	1,8	4,8	3,7	47,0	34,5	33,2
Møre og Romsdal .....	366,8	25,7	60,5	3,3	10,5	15,3	90,6	81,8	79,2
Sør-Trøndelag .....	458,4	55,5	62,5	1,2	15,0	53,8	120,6	83,6	66,2
Nord-Trøndelag .....	185,1	15,8	37,0	6,4	5,8	6,4	38,4	37,2	38,2
Nordland .....	400,3	39,5	62,1	5,2	23,4	29,2	97,2	66,7	77,0
Troms Romsa .....	244,9	24,9	38,6	-3,6	10,7	23,0	59,0	44,8	47,4
Finnmark Finnmark .....	196,6	20,8	35,0	4,1	8,6	3,1	48,9	24,8	51,3

<sup>1</sup> Gjeld funksjon 380 og 381. <sup>2</sup> Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.3.3. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2008-2009. Prosent**

	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett <sup>1</sup>	Kultur- og musikk-skolar	Andre kulturaraktivitetar <sup>2</sup>
2008 .....	11,6	15,8	0,8	3,7	5,7	27,3	13,7	21,4
2009 .....	11,6	15,4	0,6	3,8	5,4	28,0	13,9	21,2
<b>2009</b>								
Østfold .....	11,4	16,9	-0,2	3,9	2,6	29,9	9,6	25,8
Akershus .....	11,7	17,3	-0,2	1,0	2,1	34,8	14,5	19,0
Oslo .....	22,4	12,4	0,0	5,8	0,2	29,8	4,0	25,4
Hedmark .....	12,1	18,4	2,4	2,6	3,4	22,2	18,1	20,7
Oppland .....	8,3	19,9	1,2	5,0	1,9	23,7	17,1	22,9
Buskerud .....	9,0	17,4	1,2	2,9	3,8	27,0	13,5	25,3
Vestfold .....	9,4	18,3	0,7	2,6	6,2	30,8	11,8	20,1
Telemark .....	10,2	16,2	1,2	2,5	5,8	29,8	15,9	18,5
Aust-Agder .....	7,7	15,9	1,3	5,2	2,3	23,4	12,1	32,1
Vest-Agder .....	11,5	15,3	0,9	5,9	9,1	23,4	12,2	21,7
Rogaland .....	10,7	10,7	0,7	4,2	8,6	27,7	14,1	23,2
Hordaland .....	9,9	14,5	0,2	3,5	11,3	31,9	14,1	14,5
Sogn og Fjordane .....	6,4	19,6	1,0	2,8	2,2	27,9	20,5	19,7
Møre og Romsdal .....	7,0	16,5	0,9	2,9	4,2	24,7	22,3	21,6
Sør-Trøndelag .....	12,1	13,6	0,3	3,3	11,7	26,3	18,2	14,4
Nord-Trøndelag .....	8,5	20,0	3,5	3,1	3,4	20,8	20,1	20,6
Nordland .....	9,9	15,5	1,3	5,8	7,3	24,3	16,7	19,2
Troms Romsa .....	10,2	15,8	-1,5	4,4	9,4	24,1	18,3	19,4
Finnmark Finnmark .....	10,6	17,8	2,1	4,4	1,6	24,9	12,6	26,1

<sup>1</sup> Gjeld funksjon 380 og 381. <sup>2</sup> Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.3.4. Brutto investeringsutgifter, kommunekonsern, etter rekneskapsfunksjon for kultur. 2007-2009. 1 000 kroner**

	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett <sup>1</sup>	Kultur- og musikkskolar	Andre kulturaktivitetar <sup>2</sup>
2007 .....	87 958	75 997	35 821	99 715	28 723	2 038 808	11 421	852 732
2008 .....	111 870	61 259	14 949	142 593	36 253	2 523 518	20 656	1 043 012
2009 .....	35 202	72 654	11 286	115 625	79 462	3 308 660	7 610	1 695 872
Gj.snitt 2007-2009 .....	78 343	69 970	20 685	119 311	48 146	2 623 662	13 229	1 197 205
Østfold .....	642	435	1 084	2 179	5 235	94 643	612	38 484
Akershus .....	7 625	4 118	314	1 375	2 189	281 623	268	58 114
Oslo .....	31 299	2 543	-	5 681	-	543 097	-	198 956
Hedmark .....	3 926	9 222	322	2 815	1 564	58 133	468	31 802
Oppland .....	636	849	287	247	-	42 101	59	42 276
Buskerud .....	1 634	7 422	241	98	18	188 124	344	22 201
Vestfold .....	638	2 235	8 477	8 018	2 829	52 064	1 483	98 030
Telemark .....	1 590	3 859	1 585	433	1 588	205 471	232	49 784
Aust-Agder .....	7 283	7 255	91	412	381	67 550	4 204	17 745
Vest-Agder .....	2 845	1 810	984	36 779	766	56 019	281	179 972
Rogaland .....	1 647	6 852	524	49 210	7 667	177 280	518	80 734
Hordaland .....	4 204	4 424	204	2 440	23 180	222 138	1 974	56 247
Sogn og Fjordane .....	293	169	568	1 207	1 375	52 704	649	45 190
Møre og Romsdal .....	3 003	3 338	602	413	19	161 499	683	44 361
Sør-Trøndelag .....	2 264	2 063	333	276	703	83 834	461	79 118
Nord-Trøndelag .....	440	2 444	592	694	-	57 835	7	4 326
Nordland .....	6 105	544	744	4 156	558	153 494	82	35 825
Troms/Romsdalsfjorden .....	1 402	1 472	1 819	165	75	73 032	875	17 073
Finnmark/Finnmárku .....	867	8 915	1 914	2 712	-	53 023	28	96 969

<sup>1</sup> Gjeld funksjon 380 og 381. <sup>2</sup> Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**1.3.5. Frivillige lag og foreiningar som får driftstilskot frå kommunane. KOSTRA-skjema 17. 2006-2009**

Lag/foreining	Talet på lag/ foreiningar				Samla driftstilskot. 1 000 kroner			
	2006	2007	2008	2009	2006	2007	2008	2009
I alt	<b>19 952</b>	<b>24 122</b>	<b>19 850</b>	<b>20 470</b>	<b>389 633</b>	<b>540 361</b>	<b>535 374</b>	<b>581 806</b>
Song- og musikkforeiningar ....	3 818	3 508	3 218	-	57 262	58 522	58 389	-
Teater- og danseforeiningar ....	667	721	596	-	17 234	15 189	12 069	-
Frivillige barne- og ungdomsforeiningar .....	4 118	<sup>1</sup> 8 176	5 979	5 759	46 109	<sup>2</sup> 153 012	<sup>2</sup> 143 973	<sup>2</sup> 156 947
Idrettslag/skyttarlag .....	6 008	5 677	4 605	-	223 311	238 349	255 531	-
Andre foreiningar <sup>3</sup> .....	5 341	6 040	5 452	14 711	45 717	75 289	65 412	424 859

<sup>1</sup> Skjema 17 vart endra i 2007. På grunn av moglege dobbelrapporteringar, kan ikkje tala utan vidare samanliknast med tidlegare år. <sup>2</sup> Berekningsgrunnlaget for tilskot til frivillige barne- og ungdomsforeiningar er endra i 2007. Beløpet for 2007-2009 er henta frå kommunerekneskapen funksjon 231/art470. <sup>3</sup> Frå 2009 er song- og musikkforeiningar, teater- og danseforeiningar og idrettslag/skyttarlag med i summen.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## 2. Privat forbruk

### 2.1. Nokre resultat

*Årleg forbruk til kultur og fritid tredje størst*

Forbruksundersøkinga 2007-2009 viser at det gjennomsnittlege forbruket i private hushald var på 395 000 kroner per år i perioden 2007-2009, 2009-prisar. Dette representerer ein realuke på 7,8 prosent i forhold til perioden 2004-2006.

Forbruksundersøkinga for dei tre åra 2007, 2008 og 2009 viser at forbruksmønsteret blant nordmenn endrar seg lite. Den relative fordelinga mellom varer og tenester har òg forandra seg lite dei siste åra.


Utgiftene til kultur og fritid er framleis den tredje største utgifa med 49 000 kroner og utgjer 13 prosent av hushalda sine årlege utgifter i perioden 2007-2009. Til samanlikning brukte hushalda 65 000 kroner i gjennomsnitt i året til transport, som svarar til 16 prosent av forbruket. Delen av utgiftene som går til matvarer og alkoholfri drikke, ligg på 12 prosent, eller 47 000 kroner årleg.

Utgiftene til kultur og fritid for den siste perioden, 2007-2009, er 0,4 prosentpoeng høgare enn ved den førre forbruksundersøkinga (2006-2008, 2008-prisar), og 3 300 kroner høgare per hushald til kultur og fritid.

Tenestegruppa "Kultur og fritid" er delt opp i undergruppene:

- Audiovisuelt utstyr
- Andre varer, kultur og fritid
- Anna utstyr, fritid og hage
- Tenester, kultur og fritid
- Aviser, bøker og skrivemateriell
- Feriereiser, pakketurar

**Figur 2.1. Årlege utgifter per hushald til kultur og fritid, etter vare- og tenestegruppe. 1997-1999 til 2007-2009. Kroner**




Kjelde: SSB, Forbruksundersøkinga.

Størstedelen av forbruket går til undergruppa "tenester, kultur og fritid" med 11 204 kroner årleg (2009-prisar) eller 23 prosent av konsum til kultur og fritid. Gjennom dei siste ti åra, i perioden 1998-2000 til 2007-2009, har delen som går til denne gruppa, vore mellom 23 og 27 prosent, med høgst del for perioden 2003-2005. Delen til "aviser, bøker og skrivemateriell" har gått ned frå 16 til 12 prosent i tiårsperioden, men har halde seg stabil sidan førre periode. Jf. figur 2.1.

Gruppa ”tenester, kultur og fritid” består igjen av undergruppene ”sports- og fritidstenester”, ”kulturelle tenester, underhaldning” og ”spel og lotteri” med størst del, 48 prosent, til ”kulturelle tenester, underhaldning”. Forbruket til ”spel og lotteri” har gått litt ned i siste periode.

**Figur 2.2. Årlege utgifter per hushald til tenester, kultur og fritid, etter vare- og tenestegruppe. 2009-prisar. 2007-2009. Prosent**




Kjelde: SSB, Forbruksundersøkinga.

**2 887 kroner årleg til fjernsynsavgift og leige av utstyr**

Gruppa ”kulturelle tenester, underhaldning” utgjer 5 400 kroner eller 1,4 prosent av dei totale forbruksutgiftene. I denne gruppa går over halvparten av utgiftene til ”fjernsynsavgift og leige av utstyr” med 2 887 kroner i snitt per år per hushald, medan utgiftene til kino, teater og konsertar utgjer 1 427 kroner eller 27 prosent av utgiftene i gruppa ”kulturelle tenester, underhaldning”. I løpet av dei siste ti åra har forbrudsdelen som går til ”kino, teater og konsertar” auka frå 22 prosent i perioden 1998-2000 til 27 prosent i dei to siste periodane (2006-2008/2007-2009). Jf. figur 2.3 og tabell 2.1.

**Figur 2.3. Årlege utgifter per hushald i gruppa kulturelle tenester, underhaldning. 1997-1999 til 2007-2009. Kroner**




Kjelde: SSB, Forbruksundersøkinga.

**Nasjonalrekneskapen – Konsum i hushald til ulike kulturgode og fritidstenester**

Førebelse tal frå nasjonalrekneskapen syner at dei norske hushalda brukte til saman over 122 milliardar kroner i 2009 til ulike typar kulturgode og fritidstenester. Dette er ein auke på nær 5,5 milliardar kroner, eller 4,7 prosent frå 2008-reviderte tal.

Veksten er litt høgare dette siste året enn for perioden 2007 til 2008, som representerte den lågaste årlege veksten på ti år for heile hovudgruppa kulturgode og fritidstenester. Gruppa ”fritidstenester” utgjer størstedelen av hovudgruppa ”kulturgode og fritidstenester” med nær 50 milliardar kroner eller 41 prosent. Fordelinga innan hovudgruppa kulturgode og fritidstenester har halde seg nokolunde stabil siste året, men ein ser ein tendens til at utgiftene til ”fritidstenester” aukar mest, 7,3 prosent siste året. Tabell 2.2 og figurane 2.4 og 2.5 gir nærmare detaljar.


**Figur 2.4. Konsum i hushald, etter type kulturgode. 2009. Prosent**



Kjelde: Nasjonalrekneskapen, SSB.

Gruppa ”fritidstenester” hadde øg den største auken i kroner, både siste året og dersom vi går ti år tilbake. Sidan 1999 har auken vore på 20 milliardar kroner (gjeldande priser) og siste året steig konsumet for ”fritidstenester” med drygt 3,3 milliardar kroner eller 7,3 prosent. Figur 2.5 syner korleis konsumet har auka i hovudgruppa kulturgode og fritidstenester.

**Figur 2.5. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande priser. 1999- 2009. Millionar kroner**




<sup>1</sup>Korrigerte tal.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dei reviderte tala for gruppa ”fritidstenester” i perioden 1997 til 2007 syner at konsumet i gjeldande priser har auka frå nær 25 milliardar til over 44 milliardar kroner. Dei reviderte tala for 2007 viser at konsumet til ”kino, teater,

idrettsarrangement, kulturell tenesteyting med vidare” representerer drygt 15 milliardar kroner, eller 34 prosent av konsumet for gruppa ”fritidstenester”. Til samanlikning var delen til denne gruppa 30 prosent for ti år sidan. Delen til ”pakketurar” i same tidsrom har gått ned frå 29 prosent til 27 prosent. Delen av forbruket til ”lotteri- og totalisatorspel” har også gått ned i tiårsperioden. Figur 2.6 viser utviklinga for konsum i hushald for dei ulike gruppene innan ”fritidstenester” dei siste ti åra.

**Figur 2.6. Konsum i hushald, gruppa fritidstenester, gjeldande prisar. 1997-2007. Millionar kroner**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## 2.2. Om statistikken – privat forbruk

Statistisk sentralbyrå (SSB) nyttar to ulike metodar for å kunne syne det private forbruket til ulike kulturgode og tenester i det norske samfunnet. Den eine er den årlege forbruksundersøkinga, den andre er nasjonalrekneskapen. Inndelinga i hovud– og undergrupper er noko ulik i desse to kjeldene.

### Forbruksundersøkinga

Etter fleire år med jamn auke i talet på besøk i institusjonsteatra og frie grupper innan dans og teater, er det registrert ein nedgang i tilskodartala i 2009. Totalt var det 2,3 millionar besøk i 2009. Det var til saman nær 150 000 færre besøk enn i 2008, ein nedgang på nesten 6 prosent. Ser vi 10 år attende, til 2000, ser vi likevel at oppslutninga av publikum til teater og dans har auka med 35 prosent.

**Figur 5.1. Tilskodarar ved teater og opera og frie grupper innan teater og dans. 2000-2009**



Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og Danse- og teatersentrums.

*1,8 millionar teaterbesøk i NTO-institusjonane*


Dei 31 teatra som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) hadde nærmere 1,8 millionar besøkande i 2009. Publikumsoppslutninga til desse teatra er totalt 73 600 lågare samanlikna med 2008 som var eit godt teaterår. Eit nytt teater er med i oversikta for 2009. Dersom ein korrigerer for den nye medlemmen i 2009, er nedgangen større. Mesteparten av nedgangen kjem av svikt i besøket blant barn og ungdom.

*9 700 framsyningar*

Aktiviteten i NTO-institusjonane er framleis høg. I 2009 hadde desse teatra over 9 700 framsyningar, av desse var 4 260 oppsetningar for barn og unge. Dette ligg på om lag same nivå som for 2008, men ein må gjere etterhald for ein institusjon som ikkje har rapportert talet på framsyningar for 2009.


Igjen ser det ut til at tilskodarar per framsyning har gått attende, både totalt og for framsyningar for barn og ungdom. Då eit teater ikkje har rapportert tal på framsyningar, og eit teater er komen til, kan desse tala representere ei feilkjelde. I tillegg til figur 5.2, syner tabell 5.1 nærmare detaljar.

Figur 5.2. Tilskodarar ved teater og opera. 2006-2009



<sup>1</sup> Endra navn frå Hedmark teater. <sup>2</sup> Nytt i 2009  
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Dei økonomiske nøkkeltala for tilskotsteatra syner at desse 19 institusjonane hadde til saman inntekter på drygt 1,5 milliardar kroner i 2009. 67,5 prosent av inntektene var tilskot frå staten, 9 prosent var regionale driftstilskot og 23 prosent var andre inntekter. Delen tilskot frå staten er heva med 2,3 prosentpoeng sidan 2008. Samla driftsresultat for tilskotsinstitusjonane i 2009 var eit resultat på 53 millionar kroner. For 2008 synte driftsresultatet eit underskot på om lag 22 millionar kroner. I 2009 blei det utført 1 810 årsverk ved dei 19 tilskotsinstitusjonane. Dette er ein auke på 19 årsverk sidan 2008 og 216 årsverk sidan 2005.

**Figur 5.3. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra. 2004-2009. 1 000 kroner**

Kjelde: KUD, Prop. 1 S.

***Fri scenekunst – ein halv million besök***

Danse- og teatersentrum er ein interesseorganisasjon og eit kompetansesenter for fri profesjonell scenekunst i Noreg. 110 frie teater- og dansegrupper har rapportert tal til Danse- og teatersentrum for 2009, 24 fleire grupper enn i 2008. Sjølv om fleire grupper har rapportert tal for 2009, viser talet både på framsyningar og tilskodarar ein nedgang, respektive 5 og 12 prosent. Tilsaman hadde dei frie teater- og dansegruppene nesten 562 000 besökjande på 5 400 framsyningar. 71 prosent av framsyningane var retta mot barn, ein høgare del enn i 2008. Totalt var det 104 besök per framsyning, det lågaste på mange år. 61 av gruppene var teatergrupper og 49 var dansegrupper (jf. tabell 5.3).

***Norsk scenekunstbruk – færre tilskodarar***

Norsk scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst. I 2009 blei det formidla 56 produksjonar gjennom Norsk scenekunstbruk sitt nettverk, litt færre produksjonar enn i dei tre føregåande åra. Desse 56 produksjonane hadde til saman 2 560 framsyningar, 2 380 av desse var for barn og unge. Framsyningane hadde totalt ein oppslutning av 239 000 tilskodarar, ein nedgang på nær 4 000 tilskodarar. Etter nokre år med nedgang i talet på barn og unge, ser det no ut til at dette talet er stigande. 91 prosent av tilskodarane var barn og unge, mot 81 prosent i 2008. Også talet på framsyningane retta mot barn og unge auka med 170 fra 2008 til 2009. Sidan 2000 har talet på tilskodarar på framsyningane til Norsk scenekunstbruk meir enn tredobla seg (jf. tabell 5.4).

***Frivillig scenekunst – 370 000 publikumarar***

Norsk teaterråd representerer den frivillige scenekunsten. Rapporterte tal frå 11 medlemsorganisasjonar syner at aktivitetene også i 2008 var omfattande, sjølv om to store aktørar ikkje har rapportert. Til saman hadde desse organisasjonane nesten om lag 3 000 framsyningar fordelt på 1 200 ulike produksjonar. På desse framsyningane var det til saman om lag 371 000 tilskodarar. I gjennomføringa av desse aktivitetane deltok nær 26 000 aktørar (jf. tabell 5.5).

***53 prosent på teater, musical eller revy siste 12 månader i 2008***

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 syner at 53 prosent hadde vore på teater, musical eller revy siste 12 månader i 2008, mot 49 prosent i 2004. 13 prosent hadde vore på ei ballett- eller danseframsyning siste 12 månader i 2008, mot 12 prosent i 2004. 7 prosent hadde vore på opera eller operette siste 12 månader i 2008, mot 5 prosent i 2004. Kvinnene er flinkast til å nytte desse aktivitetane. Dei med høgast utdanning nyttar tilboda i større grad enn dei med lågare utdanning. Det er også slik at dei med høg hushaldsinntekt i større grad nyttar slike tilbod enn dei med låg inntekt. Personar i yrke som ikkje krev universitets- eller høgskoleutdanning nyttar desse tilboda i mindre grad enn dei med yrke som krev slik utdanning. Det same gjeld for trygda/pensjonistar. Det er

likevel slik at trygda/pensjonistar nyttar slike tilbod i større grad no enn for nokre år sidan. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabellane 5.7, 5.8 og 5.9.

Kulturstatistikk 2008 gir tal for kulturbruk/bruk av teater/ballett/opera blant personar med innvandrarbakgrunn (tabellane 5.10, 5.11og 5.12).

## 5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane

*Norsk teater- og orkesterforening (NTO)*

NTO, jf. avsnitt 6.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 43 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk i 2009. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar, programmerande teater, produserande teater og musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar. (Norsk teater- og orkesterforening. <http://www.nto.no>).

Tala som blir presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, då medlemstalet i NTO har auka nesten kvart år med eitt medlem. I statistikken for 2009 har talet på medlemsinstitusjonar auka med eitt medlem. Også talet på framsyningar har vore utilfredsstillande rapportert for nokre teater dei siste åra. Eit teater hadde ikkje rapportert framsyningar i 2009.

*Danse- og teatersentrum (DTS)*

Danse- og teatersentrum (DTS) er ein interesseorganisasjon og eit kompetansesenter for fri profesjonell scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977, på initiativ frå kunstnarar i det frie scenekunstfeltet. Hovudmålet var å få etablert ei støtteordning for scenekunstgrupper som arbeidde utanfor institusjonane. DTS er eit nasjonalt kompetansesenter som fremjar profesjonell scenekunst nasjonalt og internasjonalt (Danse- og teatersentrum, Om DTS). Heller ikkje tala for det frie scenekunstfeltet kan heilt samanliknast då talet på medlemmer som sender rapportar til DTS, varierer noko frå år til år. I 2009 var 92 produksjonseiningar/samanslutningar medlemmer i DTS. Tala rapportert i tabellen gjeld både medlemmer av DTS og ikkje-medlemmer.

*Norsk scenekunstbruk*

Norsk scenekunstbruk er ein nasjonal formidlingsordning for fri profesjonell scenekunst. Norsk scenekunstbruk er den største og viktigaste landsdekkjande formidlar av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Scenekunstbruket er også den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i Den kulturelle skolesekken (DKS). Norsk scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det blir lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Nettverket omfatta i 2009 18 fylke (ikkje Oslo) og 429 kommunar. Frå 2009 er forvaltninga av produksjonsmidlane til scenekunst for barn og unge innanfor DKS flytta frå Norsk kulturråd til Norsk scenekunstbruk AS. Nokre av gruppene rapporterer tal på produksjonar og tilskodarar òg gjennom DTS (<http://www.scenekunst.no> - 2010).

*Norsk teaterråd*

Norsk teaterråd er ein landsomfattande paraply- og interesseorganisasjon på det frivillige scenekunstfeltet. Organisasjonen har 15 medlemsorganisasjonar i 2009, enkelte er landsdekkjande, andre er regionale. 11 av desse medlemsorganisasjonane rapporterte aktiviteten til Norsk teaterråd for 2008 (siste tilgjengelege rapportering). Nokre av medlemmene driv berre med amatørteater, andre arbeider på fleire kulturområde. Norsk teaterråd har fylkesråd i fleire fylke. Norsk teaterråd forvaltar fleire offentlege tilskotts-ordingar, under dette Frifond teater, Scenetekstfondet og Spelfondet. (Norsk teaterråd, <http://www.teater.no> - 2010).

*Frifond teater*

Frifond teater er ein del av Frifond, ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og frivillig aktivitet i lokalsamfunn. Frifond teater har som mål å støtte grupper og lag som jobbar med teater og dans på amatørnivå. Målsetjinga med ordninga Frifond teater er å

medverke til at interessa for teater og dans på lokalt plan aukar (Sceneliv, nr. 2-3/2007, Norsk teaterråd).

#### Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008 og i denne publikasjonen. Data i tabellane 5.7, 5.8 og 5.9 er henta frå desse undersøkingane. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdelel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Nokre kjennemerke nytta i tabellane, sosiøkonomisk status:

#### *Yrkesstatus (16-79 år)*

Grupperinga av yrke frå og med 2000 byggjer på Standard for yrkesklassifisering (NOS C 521).

Yrkesgruppe 1-2: (1) Administrative leiarar og politikarar, (2) Akademiske yrke  
 Yrkesgruppe 3: Yrke med kortare høgskole- og universitetsutdanning og teknikarar  
 Yrkesgruppe 4-5: (4) Kontor- og kundeserviceyrke, (5) Sals-, service- og omsorgsyrke

Yrkesgruppe 6-9: (6) Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, (7) Handverkarar o.l., (8) Prosess- og maskinoperatorar og transportarbeidarar o.l., (9) Yrke utan krav til utdanning

I yrkesgruppe 0: Militære yrke og oppgitte, plasserast Meinige i yrkesgruppe 9, Befal 1 plasserast i yrkesgruppe 3 og Befal 2 plasserast i yrkesgruppe 1-2.

Grupperinga byggjer elles på Standard for inndeling etter sosioøkonomisk status (Standard for norsk statistikk nr. 5). Yrkesstatus er berekna for aldersgruppa 16-79 år.

*Utdanning (16-79 år)* Utdanningsnivå er henta frå utdanningsregisteret og kategorisert etter Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000), publisert i NOS C 617.

Ungdomsskolenivå: Inkluderer barne- og ungdomsskoleutdanning, 1.-10. klassetrinn. Vidaregåande skolenivå: Inkluderer vidaregåande utdanning 11.-13. klassetrinn og nivået 'Påbygging til vidaregåande utdanning' som omfattar utdanninger som byggjer på vidaregåande skole, men som ikkje er godkjend som høgare utdanning. Universitets- og høgskolenivå kort: inkluderer høgare utdanning t.o.m. 4 år. Universitets- og høgskolenivå lang: inkluderer utdanninger på meir enn 4 år, og forskarutdanning.

#### Referansar:

- Sceneliv, nr. 2-3/2007
- Norsk teater- og orkesterforening, <http://www.teater.no>
- Norsk teaterråd, <http://www.teater.no>
- Norsk scenekunstrBruk: <http://www.scenekunst.no>
- Danse- og teatersentrum: <http://www.danseogteatersentrum.no/> Om DTS

#### Nyttige Internett-adresser:

Kulturstatistikk 2008: [http://www.ssb.no/emner/07/nos\\_kultur/](http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/)

Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar/>

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn: [http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929/](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/)

Levkårsundersøkinga 2007: <http://www.ssb.no/emner/00/02/levstat/>

Norsk teater- og orkesterforening: <http://www.nto.no/>

Danse- og teatersentrum: <http://www.danseogteatersentrum.no/>

Norsk scenekunstbruk: <http://www.scenekunstbruket.no/>

Norsk teaterråd: <http://www.teater.no>

5.1. Framsýningar og tilskodarar ved teater<sup>1</sup> og opera. 2003-2009

	Framsyningar		Tilskodarar		Tilskodarar per framsyning		Turnéfram-sýningar <sup>2</sup>	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Fram-sýningar	Til-skodarar
2003 .....	7 522	3 304	1 549 064	663 119	206	201	2 339	414 486
2004 .....	8 149	3 455	1 621 290	670 996	198	194	2 668	448 377
2005 .....	8 677	4 065	1 561 253	687 328	180	169	2 901	421 860
2006 .....	9 624	3 884	1 781 755	651 160	185	168	3 346	461 115
2007 .....	9 268	3 664	1 792 395	663 901	193	181	3 119	459 295
2008 .....	9 803	4 198	1 858 855	717 027	190	171	3 125	452 732
2009 .....	9 721	4 254	1 785 255	646 920	184	152	3 277	432 205
<b>2009</b>								
Agder Teater .....	238	98	30 427	8 280	128	84	62	7 634
Akershus teater .....	648	557	72 387	61 617	112	111	648	72 387
Avant Garden .....	235	159	11 433	9 292	49	58	-	-
Beaivvás Sámi Teahter .....	90	-	12 946	4 701	144	-	86	9 919
BIT Teatergarasjen .....	141	21	8 018	1 576	57	75	-	-
Black Box Teater .....	216	20	14 328	4 373	66	219	-	-
Brageteatret .....	357	357	34 179	34 179	96	96	315	30 832
Carte Blanche Danseeteater ....	101	19	17 581	2 991	174	157	38	11 290
Dansens hus .....	113	29	13 289	7 339	118	253	-	-
Den Nationale Scene .....	774	230	130 533	44 391	169	193	69	8 802
Den Norske Opera & Ballett ....	367	77	275 534	33 059	751	429	22	17 783
Den Nye Opera .....	42	16	23 703	10 949	564	684	4	958
Det Norske Teatret .....	996	191	187 026	54 042	188	283	29	2 252
Det Åpne Teater <sup>3</sup> .....	-	-	8 744	2 820	-	-	-	-
Haugesund Teater .....	160	124	12 380	11 251	77	91	1	982
Hordaland Teater .....	219	215	26 224	24 244	120	113	125	12 705
Hålogaland Teater .....	521	173	63 995	17 431	123	101	224	24 435
Nationaltheatret .....	756	134	183 397	37 162	243	277	33	7 240
Nordland Teater .....	200	91	29 137	11 621	146	128	119	15 598
Nord-Trøndelag Teater .....	88	88	13 506	13 486	153	153	63	11 342
Opera Sør .....	8	-	4 176	-	522	-	-	-
Oslo Nye Teater .....	534	223	163 213	50 200	306	225	-	-
Riksteatret .....	675	373	121 168	62 356	180	167	611	107 022
Rogaland Teater .....	607	184	92 407	31 953	152	174	71	3 201
Sogn og Fjordane Teater .....	180	135	17 526	12 037	97	89	149	15 345
Teater Ibsen .....	209	135	29 856	18 082	143	134	127	16 440
Teater Innlandet <sup>4</sup> .....	249	160	23 546	13 830	95	86	186	15 614
Teater Manu - norsk tegnspråkteater .....	37	-	4 792	2 543	130	-	-	3 791
Teatret Vårt .....	274	125	29 398	16 510	107	132	107	17 014
Trøndelag Teater .....	439	83	107 343	22 342	245	269	8	1 406
Østfold teater .....	247	237	23 063	22 263	93	94	180	18 213

<sup>1</sup>Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO. <sup>2</sup>Medrekna turnéar i utlandet. <sup>3</sup>Frå 1.1.2010 inngår Det Åpne Teater i Dramatikkens Hus. <sup>4</sup>Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og dei enkelte teatra.

## 5.2. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003-2009. 1 000 kroner

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter	Driftskostnader	Årsverk
2003 .....	676 677	79 247	190 493	928 878	1 492
2004 .....	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536
2005 .....	741 239	86 885	220 121	1 041 651	1 594
2006 .....	787 079	94 119	274 664	1 144 229	1 636
2007 .....	851 288	103 411	247 350	1 198 479	1 671
2008 .....	946 586	131 709	373 110	1 473 136	1 791
2009 .....	1 026 506	142 884	350 556	1 467 137	1 810
<b>2009</b>					
Agder Teater <sup>1</sup> .....	17 633	7 601	5 814	30 301	42
Beaivvás Sámi Teeáhter <sup>2</sup> .....	-	16 000	456	15 655	21
Carte Blanche A/S .....	19 253	8 250	2 137	29 990	32
Den Nationale Scene <sup>3</sup> .....	89 623	-	24 554	111 059	150
Den Norske Opera og Ballett ..	386 368	-	146 275	508 387	607
Det Norske Teatret .....	128 077	-	42 976	161 280	209
Haugesund Teater .....	7 162	3 070	1 694	11 197	14
Hedmark Teater .....	12 688	7 561	1 482	21 782	16
Hordaland Teater .....	8 787	3 836	1 637	14 689	9
Hålogaland Teater .....	38 598	16 542	9 709	62 302	71
Nationaltheatret <sup>4</sup> .....	141 601	-	<sup>5</sup> 46 384	188 393	241
Nord-Trøndelag Teater <sup>6</sup> .....	7 342	5 367	1 620	11 554	9
Nordland Teater .....	19 907	8 532	5 223	31 433	31
Peer Gynt-stemnet .....	2 662	1 912	11 676	15 918	11
Rogaland Teater .....	42 893	19 679	21 087	81 413	107
Sogn og Fjordane Teater .....	14 261	6 112	726	20 966	22
Teater Ibsen .....	19 305	8 274	2 016	29 108	30
Teatret Vårt .....	16 431	7 042	3 061	25 447	27
Trøndelag Teater .....	53 915	23 106	22 029	96 263	161

<sup>1</sup> Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert.

<sup>2</sup> Beaivvás Sámi Teeáhter får fast årleg driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune, som i 2009 utgjorde respektive 15,2 millionar kroner og 0,8 millionar kroner. <sup>3</sup> Den Nationale Scene fekk i 2009 i tillegg eit tilskot på 1 million kroner frå kap. 320 Allmenne kulturformål, post 73 Nasjonale kulturbygg til avsetting som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostader i samband med utbedring av teaterbygningen. <sup>4</sup> Nationaltheatret fekk i 2009 i tillegg eit tilskot på 2,5 millionar kronar øyremerkt som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostnader knytta til å lønnefinansiere utbedningsbeh. <sup>5</sup> Nationaltheatret fekk i 2009 i tillegg eit tilskot på 0,8 millionar kronar øyremerkt Den Internasjonale Ibsenprisen frå kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, post 76 Ibsenpris m.m. <sup>6</sup> Nord-Trøndelag Teater er organisert som ei fylkeskommunal verksemid.

Kjelde: KUD, Prop. 1 S.

## 5.3. Frie teater- og dansegrupper. 1993-2009

Grupper i alt	Teatergrupper	Dansegrupper	Medlemmer i alt	Nye produksjonar i alt	Framsyningar		Besøkjande i alt	Besøk per framsyning
					I alt	Av dette for barn		
1993 .....	31	28	3	111	78	2 153	2 177	202 478
1994 .....	37	33	4	119	65	1 998	1 278	208 141
1995 .....	35	31	4	101	42	1 686	1 270	163 189
1996 .....	34	29	6	101	42	1 914	1 285	203 664
1997 .....	34	23	11	..	..	1 777	869	221 080
1998 .....	38	33	5	110	45	1 356	869	177 259
1999 .....	51	42	9	..	37	1 928	900	227 186
2000 .....	56	46	10	109	35	1 591	861	263 130
2001 .....	59	48	11	142	40	2 366	1 318	279 550
2002 .....	79	66	13	254	59	2 865	1 859	379 960
2003 <sup>2</sup> .....	81	64	17	227	40	3 167	2 482	348 658
2004 <sup>1</sup> .....	84	65	19	243	37	3 422	2 511	376 575
2005 <sup>3</sup> .....	72	55	17	199	75	3 862	2 781	496 070
2006 <sup>4</sup> .....	95	69	26	231	67	3 649	2 948	415 597
2007 <sup>5</sup> .....	98	74	24	247	52	3 938	3 202	481 990
2008 <sup>6</sup> .....	86	66	20	312	35	5 648	3 407	635 729
2009 .....	110	61	49	..	..	5 392	3 831	561 762

<sup>1</sup> Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. <sup>2</sup> Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk scenekunstbruk. <sup>3</sup> Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>4</sup> Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>5</sup> Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>6</sup> Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

**5.4. Norsk scenekunstbruk. Produksjonar. Framsyningar og tilskodarar, etter aldersgrupper. 2000-2009**

	Produksjonar	Framsyningar			Tilskodarar		
		I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over	I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/vaksne 15 år og over
2000 .....	..	695	430	265	76 443	47 056	29 387
2001 .....	..	983	795	188	103 774	85 223	18 551
2002 .....	..	902	727	175	87 258	66 818	20 440
2003 .....	..	1 384	1 280	104	135 834	119 980	15 854
2004 .....	53	1 946	1 782	164	190 519	175 471	15 048
2005 .....	53	2 148	2 088	60	222 834	213 502	9 332
2006 .....	57	2 350	2 223	127	228 383	212 637	15 746
2007 .....	68	2 191	1 960	231	211 434	190 028	21 406
2008 .....	65	2 649	2 213	436	243 159	197 869	45 290
2009 .....	56	2 556	2 382	174	239 214	217 803	21 411

Kjelde: Norsk scenekunstbruk.

**5.5. Norsk teaterråd. Talet på produksjonar, framsyningar, aktørar og tilskodarar. 2006-2008**

	2006			2007			2008					
	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar
AOF Noreg .....	41	339	1 697	..	47	244	1 506	62 500	30	95	998	9 000
Hålogaland amatørselskap.	91	331	2 390	69 456	176	2 142	302	40 054	..	..	..	..
Juvente .....	1	165	10	35 000	2	133	6	32 000	2	91	11	19 000
Norges bygdeungdomslag	7	21	119	2 060	24	33	249	7 741	8	8	72	675
Norges døveforbund .....	..	..	..	..	..	..	..	..	7	7	44	400
Norges KFUK-KFUM .....	45	142	5 010	24 418	33	53	1 155	3 465	31	49	1 070	3 211
Noregs ungdomslag .....	146	532	3 377	56 423	182	463	3 224	57 483	180	451	3 598	51 696
Norsk amatørteaterforbund	95	909	4 762	139 380	185	918	5 755	108 469	187	779	5 983	130 567
Norsk frilynt ungdomsforbund .....	44	410	4 508	115 609	61	61	3 440	89 000	112	514	6 071	107 533
Norsk teaterverksted .....	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..
4H Norge .....	630	455	5 566	30 461	447	563	5 171	27 637	610	809	7 592	48 723
Ravn .....	..	..	..	..	9	35	284	9 940	10	45	312	312
Studieforbundet Solidaritet .....	..	..	..	..	4	5	34	225	15	15	95	232
Vestlandske teatersenter ..	48	227	1 370	20 856	75	293	1 220	83 100	..	..	..	..

Kjelde: Norsk teaterråd.

**5.6. Frifond teater. Talet på søknader, framsyningar og aktørar. 2004-2009**

	Søknader	Innvilga søknader	Framsyningar	Aktørar			
				I alt	0-12 år	13-26 år	27 år og over
2004 .....	711	487	2 844	28 671	5 998	18 379	4 294
2005 .....	659	442	2 636	27 642	5 400	16 924	5 318
2006 .....	573	396	2 292	27 939	5 021	17 230	5 688
2007 .....	580	385	2 402	28 567	6 168	14 256	8 143
2008 .....	656	449	3 006	32 653	7 064	17 809	7 780
2009 .....	676	450	3 017	34 173	8 551	16 910	8 712

Kjelde: Norsk teaterråd.

**5.7. Personar som har vore på ballett eller danseframstilling, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, yrkesstatus, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt**

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
<b>Alle personar .....</b>	<b>8</b>	<b>11</b>	<b>12</b>	<b>13</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,3</b>	<b>0,3</b>
<b>Kjønn</b>								
Menn .....	6	9	9	10	0,1	0,2	0,2	0,2
Kvinner .....	11	14	15	17	0,2	0,3	0,3	0,3
<b>Alder</b>								
9-15 år .....	14	16	21	22	0,3	0,5	0,4	0,4
16-24 " .....	11	16	13	14	0,3	0,5	0,6	0,4
25-44 " .....	8	11	10	14	0,2	0,2	0,2	0,3
45-66 " .....	7	10	11	8	0,1	0,2	0,2	0,1
67-79 " .....	2	3	9	12	0,0	0,0	0,1	0,3
<b>Utdanning</b>								
Ungdomsskole .....	6	11	6	7	0,1	0,2	0,1	0,2
Vidaregående skole .....	5	8	9	10	0,1	0,2	0,2	0,2
Universitet/høgskole, kort .....	8	7	16	15	0,2	0,1	0,4	0,2
Universitet/høgskole, lang .....	14	17	17	19	0,2	0,3	0,3	0,5
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>								
Yrkesgruppe 1-2 .....	:	16	17	15	:	0,3	0,4	0,3
Yrkesgruppe 3 .....	:	12	13	16	:	0,2	0,2	0,2
Yrkesgruppe 4-5 .....	:	16	11	11	:	0,3	0,4	0,3
Yrkesgruppe 6-9 .....	:	7	6	5	:	0,1	0,1	0,1
Elevar/studentar .....	:	13	12	14	:	0,7	0,2	0,4
Trygd/pensjonistar .....	:	4	8	11	:	0,1	0,1	0,2
Heimearbeidande .....	:	6	5	:	:	0,1	0,1	:
<b>Hushaldsinntekt</b>								
1. kvartil .....	6	9	8	10	0,1	0,3	0,3	0,2
2. kvartil .....	6	7	12	13	0,1	0,1	0,2	0,2
3. kvartil .....	8	15	11	15	0,2	0,3	0,2	0,3
4. kvartil .....	13	15	17	19	0,2	0,3	0,3	0,4
<b>Landsdel</b>								
Oslo/Akershus .....	12	15	16	17	0,3	0,3	0,3	0,4
Austlandet elles .....	6	10	10	13	0,1	0,2	0,3	0,2
Agder og Rogaland .....	5	10	8	13	0,1	0,4	0,1	0,3
Vestlandet .....	8	12	12	10	0,2	0,3	0,2	0,2
Trøndelag .....	11	10	10	13	0,2	0,1	0,2	0,3
Nord-Noreg .....	6	11	16	12	0,1	0,2	0,3	0,2

Kjelde: Norsk kultubarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

**5.8. Personar som har vore på opera- eller operetteframstykning, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, yrkesstatus, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt**

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
<b>Alle personar .....</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>
<b>Kjønn</b>								
Menn .....	4	6	4	5	0,1	0,1	0,1	0,1
Kvinner .....	7	6	7	8	0,1	0,1	0,1	0,1
<b>Alder</b>								
9-15 år .....	3	3	3	5	0,1	0,0	0,0	0,1
16-24 " .....	7	5	3	4	0,1	0,1	0,0	0,1
25-44 " .....	4	5	3	5	0,1	0,1	0,0	0,1
45-66 " .....	8	9	9	7	0,1	0,2	0,2	0,1
67-79 " .....	4	6	9	12	0,1	0,1	0,2	0,3
<b>Utdanning</b>								
Ungdomsskole .....	3	2	3	2	0,0	0,1	0,0	0,1
Vidaregående skole .....	4	4	5	5	0,1	0,0	0,1	0,1
Universitet/høgskole, kort .....	11	9	8	8	0,3	0,2	0,2	0,1
Universitet/høgskole, lang .....	12	14	11	17	0,2	0,2	0,2	0,3
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>								
Yrkesgruppe 1-2 .....	:	12	7	10	:	0,2	0,2	0,2
Yrkesgruppe 3 .....	:	10	6	7	:	0,1	0,1	0,1
Yrkesgruppe 4-5 .....	:	4	4	4	:	0,0	0,1	0,0
Yrkesgruppe 6-9 .....	:	3	3	3	:	0,1	0,1	0,0
Elevar/studentar .....	:	3	4	3	:	0,1	0,1	0,1
Trygd/pensjonistar .....	:	5	9	10	:	0,1	0,2	0,2
Heimearbeidande .....	:	2	4	:	:	0,0	0,1	:
<b>Hushaldsinntekt</b>								
1. kvartil .....	4	4	4	5	0,0	0,0	0,1	0,1
2. kvartil .....	3	7	6	7	0,1	0,1	0,1	0,1
3. kvartil .....	4	5	7	7	0,1	0,1	0,1	0,1
4. kvartil .....	10	8	6	10	0,2	0,1	0,1	0,1
<b>Landsdel</b>								
Oslo/Akershus .....	11	13	11	11	0,2	0,2	0,2	0,2
Austlandet elles .....	3	5	4	7	0,0	0,1	0,1	0,1
Agder og Rogaland .....	2	3	4	2	0,0	0,0	0,1	0,0
Vestlandet .....	6	4	4	4	0,1	0,1	0,1	0,1
Trøndelag .....	7	6	2	8	0,1	0,1	0,0	0,1
Nord-Noreg .....	2	5	5	5	0,1	0,1	0,1	0,1

Kjelde: Norsk kulturbærometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

**5.9. Personar som har vore på teater, musical eller revy, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, yrkesstatus, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt**

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
<b>Alle personar .....</b>	<b>44</b>	<b>50</b>	<b>49</b>	<b>53</b>	<b>1,1</b>	<b>1,2</b>	<b>1,3</b>	<b>1,4</b>
<b>Kjønn</b>								
Menn .....	41	44	42	49	1,0	1,0	1,1	1,2
Kvinner .....	48	57	56	57	1,2	1,3	1,5	1,6
<b>Alder</b>								
9-15 år .....	47	47	47	54	0,9	0,9	1,2	1,2
16-24 " .....	50	51	48	54	1,2	1,2	1,6	1,4
25-44 " .....	46	54	52	55	1,2	1,3	1,1	1,6
45-66 " .....	46	53	53	55	1,2	1,3	1,6	1,4
67-79 " .....	23	33	34	41	0,4	0,6	0,9	1,0
<b>Utdanning</b>								
Ungdomsskole .....	26	39	33	42	0,5	0,8	0,8	0,8
Vidaregående skole .....	43	47	45	51	0,9	1,0	1,0	1,3
Universitet/høgskole, kort .....	53	56	64	60	2,0	1,4	2,2	1,6
Universitet/høgskole, lang .....	65	67	65	67	1,9	1,9	1,8	2,2
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>								
Yrkesgruppe 1-2 .....	:	68	64	63	:	2,1	2,0	1,8
Yrkesgruppe 3 .....	:	60	59	61	:	1,6	1,3	1,8
Yrkesgruppe 4-5 .....	:	53	54	50	:	1,1	1,3	1,5
Yrkesgruppe 6-9 .....	:	37	39	44	:	0,7	0,7	0,9
Elevar/studentar .....	:	58	50	64	:	1,3	2,1	1,6
Trygd/pensjonistar .....	:	31	35	42	:	0,6	0,9	1,0
Heimearbeidande .....	:	40	43	:	:	1	1	:
<b>Hushaldsinntekt</b>								
1. kvartil .....	37	41	37	44	..	0,9	1,0	1,0
2. kvartil .....	36	46	47	51	..	1,0	1,0	1,3
3. kvartil .....	43	59	54	59	..	1,3	1,4	1,6
4. kvartil .....	59	65	58	68	..	1,6	1,7	2,0
<b>Landsdel</b>								
Oslo/Akershus .....	53	57	56	56	1,5	1,6	1,7	1,6
Austlandet elles .....	42	48	44	53	0,9	1,0	1,1	1,3
Agder og Rogaland .....	38	49	43	55	0,8	1,0	1,2	1,3
Vestlandet .....	44	50	54	49	1,0	1,2	1,2	1,3
Trøndelag .....	44	50	50	55	1,5	1,2	1,1	1,7
Nord-Noreg .....	40	46	43	51	0,8	1,0	1,5	1,1

Kjelde: Norsk kulturbærometer 2008, Statistisk sentralbyrå.


## 6. Musikk

433 000 tilhøyrarar på konsert

### 6.1. Nokre resultat

Til saman var over 433 000 publikum på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2009. Samanlikna med 2008 er det ein auke i talet på tilhøyrarar med 43 800, eller 11 prosent. Om lag 80 000 tilhøyrarar var barn og ungdom, ein nedgang på om lag 10 000 tilhøyrarar samanlikna med 2008. Figur 6.1 syner talet på tilhøyrarar per konsert for dei ulike institusjonane. Eit totaltal på konsertar for alle kora og orkestra i denne statistikken er vanskeleg å gi fordi kvart år er det nokre orkester som ikkje har rapportert dette. Jf. tabell 6.2 og punkt 6.2.

**Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert. 2005-2009.**



<sup>1</sup>Talet på konsertar er ikkje rapportert for 2008.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

811,5 millionar kroner til musikk frå staten

I 2009 utgjorde dei statlege utgiftene til musikk til saman 811,5 millionar kroner, ein auke på 15 prosent frå 2008, men utgjer same prosentdelen av budsjettet som førre året. Dette er det høgaste beløpet som er blitt løyvd dei siste ti åra. Sidan 2000 har dei statlege utgiftene til musikk blitt meir enn dobla. I 2008 og 2009 er det i tillegg til orkestra og institusjonane også løyvd midlar til Norsk Kulturfond-ettårig prosjektilskot. Tabell 6.1 syner rekneskapstala over dei statlege utgiftene til musikk. Tabell 6.2 gir ei meir detaljert oversikt over dei statlege utgiftene til dei ulike orkestra og institusjonane. Rikskonsertane er den institusjonen som fekk tildelt mest pengar, 161 millionar kroner i 2009. Tilskot til opera, sjå tabell 5.2.

#### 6.1. Statlege utgifter til musikkformål. 2008-2009. 1 000 kroner

	2008	2009
I alt .....	708 472	811 465
Driftsutgifter (Rikskonsertane) .....	137 465	161 337
Norsk kulturfond-ettårig prosjektilskot .....	93 743	114 969
Nasjonale institusjonar .....	185 436	199 394
Region-/landsdelsinstitusjonar .....	156 790	174 992
Knutepunktinstitusjonar .....	52 120	60 795
Landsdelsmusikere i Nord-Norge .....	14 163	16 163
Ymse faste tiltak .....	68 755	83 815

<sup>1</sup>Talet på konsertar er ikkje rapportert for 2008.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Om lag 10 000 konsertar i Rikskonsertane

I 2009 var det nær 1,3 millionar tilhøyrarar til stades på om lag 10 000 konsertar som Rikskonsertane held. Samanlikna med 2008 var det nær 200 færre konsertar, men med 7 200 fleire tilhøyrarar. 92 prosent av tilhøyrarane var til stades på skolekonsertar. I 2009 var det framleis Akershus og Rogaland som hadde flest


tilhøyrarar på Rikskonsertane. Tabellane 6.4 og 6.5 gir fleire tal for verksemda til Rikskonsertane.

#### *Medlemsorganisasjonar i norsk musikkliv*

I 2009 var det nær 142 000 medlemmer i *Norsk musikkråd*, ein auke på 4 000 medlemmer siste året. Talet for 2009 er det høgaste i perioden 2002-2009. Norsk Rock forbund er den største medlemsorganisasjonen med litt over 49 000 medlemmer i 2009, og hadde den største auken i talet på medlemmer med nær 6 300 siste året. Norsk munnbspillforum hadde lågast tal på medlemmer med 79 i 2009. Jf. tabell 6.6.

Totalt tal på medlemmer i *Norges Musikkorps Forbund* går framleis ned. I 2009 var det 66 100 medlemmer, drygt 200 færre enn i 2008. Nedgangen finn ein både i talet på korps og i talet på medlemmer. Det er talet på utøvande medlemmer som ser ut til å falle, totalt er det 500 færre utøvande medlemmer i 2009 samanlikna med 2008. Dei 1 076 skolekorpsa hadde totalt 45 300 medlemmer i 2009, mens dei 583 amatørkorpsa hadde 20 800 medlemmer. Sjå figur 6.2 og tabell 6.7.

**Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund. 1999-2009**




Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

28 800 var medlemmer i *Norges Korforbund* i 2009, ein auke på om lag 200 frå året før. Talet på kor er òg aukande, med totalt 989 kor i 2009. Fleirtalet av kora er blandakor, og utgjer 70 prosent av alle kora i 2009.

#### *Kommunale musikk- og kulturskolar - 109 300 elevar*

KOSTRA gir talet på elevar og utgifter for dei kommunale kultur- og musikk-skolane. KOSTRA-tala syner at i 2009 hadde 109 300 elevar plass i kultur- og musikk-skolane, ein liten auke på 170 elevar samanlikna med 2008. I 2009 nytta 17,7 prosent av primærmålgruppa (innbyggjarar i alderen 6-15 år) dette tilbodet. I Sogn og Fjordane hadde 29 prosent av 6-15 áringane plass i kommunane sine kultur- og musikk-skolane. Rekneskapane frå kommunane viser at netto driftsutgifter til kultur- og musikk-skolane i 2009 ligg på over ein milliard kroner, ein auke på nær 5 prosent frå 2008. For fleire detaljar om kultur- og musikk-skolalar, sjå tabell 6.9 og kapittel 1.3, tabell 1.3.2.

**Figur 6.3.** Elevar i kommunale musikk- og kulturskolar, etter fylke. 2006 og 2009

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Den kulturelle skolesekken -  
29 200 enkeltarrangement**

I skoleåret 2008/2009 var det 29 200 enkeltarrangement i regi av Den kulturelle skolesekken, 400 fleire samanlikna med skoleåret 2007/2008. Sjølv om talet på arrangement er aukande, har talet på deltakarar gått ned siste året. 2,8 millionar deltok på dei ulike arrangementa, om lag 160 000 færre enn i førre skoleår. Musikk er sjangeren med flest deltakarar, 1,1 million, mens arrangement innan scenekunst hadde nær 530 000 deltakarar. Sjå tabell 6.10.

**62 prosent på ein konsert  
siste 12 månader i 2008**

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 syner at 62 prosent av befolkninga hadde vore på ein konsert dei siste 12 månadene. I 2004 var prosenten 61. Kulturbruksundersøkinga skil ikkje lenger på type konsert, så det kan vere alt frå pop/rock til klassisk konsert. Like mange menn og kvinner gjekk på konsert. Det ser ut til at flest unge i alderen 16-24 år gjekk på konsert, 73 prosent, i 2008. Det er ein liten auke i forhold til kulturbruksundersøkinga i 2004. Nesten halvparten av personane i den eldste aldersgruppa, 69-79 år, hadde vore på konsert i 2008. Dei med høg utdanning gjekk mest på konsertar, og folk i Trøndelag har vore flinkast til å bruke konserttilboda. Ein noko større del av dei med høg inntekt nyttar slike tilbod enn dei med låg inntekt. Det er særleg personar i yrke som krev høgare utdanning og elevar/studentar som går på konsert. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 6.11. Kulturstatistikk 2008 gir tal for kultur bruk/bruk av konsertar blant personar med innvandrarbakgrunn (tabell 6.11).

## 6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet

**Norsk teater- og  
orkesterforening (NTO)**

NTO, jf. avsnitt 5.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 43 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk. I 2009 var det tolv medlemmer innanfor musikk. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar. (Norsk teater- og orkesterforening, [www.nto.no](http://www.nto.no)). Tala

kan ikkje heilt samanliknast frå år til år då medlemstalet i NTO nesten kvart år har auka. I 2009 er det kome til ein ny institusjon, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, i tabell 6.2 og tabell 6.3. Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er ein samanslutning av den tidlegare NTO-medlemmen Tromsø Symfoniorkester og Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteatret i Bodø. Samstundes er det ein institusjon som ikkje har rapportert tal til NTO.

<b>Rikskonsertane</b>	Rikskonsertane skal formidle konserter som er produserte internt eller eksternt i samarbeid med utøvarar og aktørar innanfor norsk og internasjonalt musikkliv. Rikskonsertane har eit spesielt ansvar for norske musikk- og utøvartradisjonar. Rikskonsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skolekonsertordninga. Alle kommunar får tilbod om skolekonsertar for sine grunnskoleelevar. Rikskonsertane er både produsent og leverandør av konserter innanfor alle musikksgangrar til konsertarrangørar over heile landet, og samarbeider med Den kulturelle skolesekken, som også formidlar musikktilbod til elevar i grunnskolen og i den vidaregåande skulen.
<b>Norsk musikkråd (NMR)</b>	Norsk musikkråd er eit samarbeidsnettverk og ein interesseorganisasjon for norsk musikkliv. Norsk musikkråd blei oppretta i 1976 og har blant anna som oppgåve å koordinere og initiere fagleg og organisatorisk samarbeid innan musikklivet, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt og koordinere og initiere interessepolitisk samarbeid for musikklivet. I 2009 hadde organisasjonen 34 ulike landsomfattande musikkorganisasjonar (Norsk Musikkråd, 2009). Tre av desse organisasjonane er assoserte medlemmer i Norsk musikkråd. I 2009 hadde Norsk musikkråd 141 979 medlemmer.
<b>Norges Musikkorps Forbund (NMF)</b>	Norges Musikkorps Forbund, NMF, blei stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjer dei grensene som landsmøtet vedtek (NMFs vedtekter, <a href="http://www.musikkorps.no">http://www.musikkorps.no</a> , 2009). I 2008 blei krinsane slått saman til større regionar.
<b>Norges Korforbund</b>	Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kordirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på frivillig medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora tilgang på ei rekke opplæringstilbod, både for koristar, dirigenter og tillitsvalde ( <a href="http://www.kor.no">http://www.kor.no</a> ).
<b>Musikk- og kulturskolar</b>	Dei kommunale musikk- og kulturskolane er eit tenestetilbod innanfor kultursektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen musikk- og kulturskole, tek del i interkommunale musikkskolar eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til musikk- og kulturskolane blir rapportert gjennom GSI (Grunnskolenes rapporteringssystem), og tala blir publiserte på ssb.no via KOSTRA.
<b>Den kulturelle skolesekken</b>	Den kulturelle skolesekken er ei nasjonal satsing som skal medverka til at alle elevar i grunnskolen og den vidaregående opplæringa skal få møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Opplæringssektoren har ansvaret for å leggje føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet ( <a href="http://www.denkulturelleskolesekken.no">http://www.denkulturelleskolesekken.no</a> ). Tala i tabell 6.10 baserer seg på rapportering til sekretariatet for Den kulturelle skolesekken i ABM-utvikling. Rapporteringa føljer skoleåret.
<b>Kulturbuksundersøkingane</b>	Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildot. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kultubarometer 2008. Data i tabellen 6.10 er henta frå desse undersøkingane. I tidlegare kulturbuksundersøkingar har det vore stilt to

spørsmål om ulike konserttypar. Frå og med 2008 blir det stilt spørsmål om konsertar under eitt, ikkje todelt som tidlegare. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerededel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Kjennemerke nytta i tabellen, sjå kap. 5.2.

**Referansar:**

Norsk teater- og orkesterforening, <http://www.nto.no>

Rikskonsertane, Årsrapport 2009

Norsk musikråd, <http://www.musikk.no>

Norges Musikkorps Forbund, <http://www.musikkorps.no>

Norges Korforbund, <http://www.kor.no>

Den kulturelle skolesekken, <http://www.denkulturelleskolesekken.no>

**Nyttige Internett-adresser:**

Kulturstatistikk 2008: [http://www.ssb.no/emner/07/nos\\_kultur/](http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/)

Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar/>

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:  
[http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929/](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/)

Norsk teater- og orkesterforening: <http://www.nto.no/>

Rikskonsertane: <http://www.rikskonsertene.no/>

Kulturdepartementet: <http://www.regjeringen.no>

Norges Musikkorps Forbund: <http://www.musikkorps.no>

Norges Korforbund: [http://www.kor.no/](http://www.kor.no)

Norsk musikkråd: <http://www.musikk.no>

**6.2. Statlege utgifter til orkester og musikkinstutusjonar. Rekneskap. 2008-2009. 1 000 kroner**

	2008	2009
I alt .....	<b>394 346</b>	<b>446 974</b>
<b>Orkester og musikkinstutusjonar</b>		
Oslo-Filharmonien .....	99 265	107 921
Stiftelsen Harmonien .....	86 171	91 473
Trondheim Symfoniorkester <sup>1</sup> .....	48 447	57 961
Stavanger Symfoniorkester .....	45 898	53 199
Kristiansand Symfoniorkester .....	33 063	36 463
Tromsø Symfoniorkester <sup>2</sup> .....	12 396	10 047
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>2</sup> .....	-	10 668
Det Norske Blåseensemble .....	16 986	18 186
Festspillene i Bergen .....	15 530	17 030
Festspillene i Nord-Norge .....	10 835	11 335
Molde International Jazz Festival .....	4 567	5 067
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival .....	3 228	4 000
Olavsfestdagene i Trondheim .....	6 309	7 809
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival .....	3 789	4 289
Festspillene i Elverum .....	1 732	2 000
Notodden Blues Festival <sup>3</sup> .....	1 565	2 326
Øyafestivalen .....	1 565	1 700
Stiftelsen Horisont/Mela <sup>4</sup> .....	3 000	4 000
Riddu Riðóu Festivála .....	-	1 500

<sup>1</sup> Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår nå som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksem. I 2009 fekk musikkteaterverksemda eit statleg tilskot på 4,2 mill kroner. <sup>2</sup> Nordnorsk Opera og Symfoniorkester AS blei etablert i 2009 basert på at Tromsø Symfoniorkester, Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteater i Bodø gjekk inn i selskapet. For Tromsø Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. januar til 30. september 2009. Statens tilskot til Tromsø Symfoniorkester for 2009 var 13,3 millionar kroner. For Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. oktober til 31. desember 2009, inkludert symfoniorkesteret, einingane Bodø Sinfonietta og Tromsø Kammerorkester og operavirksomhet. <sup>3</sup> Drifta av Notodden Bluesfestival var for 2008 fordelt på to selskap; Foreningen Notodden Blues Festival frå 1. januar til 31. oktober 2008 og Stiftelsen Notodden Blues Festival frå 1. november til 31. desember 2008. Rekneskap for dei to siste månadene i 2008 inngår i rekneskapsen for Stiftelsen Notodden Blues festival for 2009. Statens tilskot til Notodden Blues Festival for 2009 var 2,1 million kroner. <sup>4</sup> 2,1 million kroner av Stiftelsen Horisont/Melas driftsresultatet er overført til prosjekter til disposisjon i 2010.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**6.3. Kor og orkester. Konserter, turnékonserter og tilhøyrarar. 2003-2009**

Orkester	Konserter		Tilhøyrarar		Tilhøyrarar per konsert		Turnékonserter <sup>1</sup>	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Turnékonserter i alt	Tilhøyrarar
2003 .....	568	134	333 103	71 197	586	531	103	57 269
2004 .....	696	179	368 159	96 099	529	537	192	67 727
2005 <sup>2</sup> .....	692	151	509 873	84 879	737	562	200	111 713
2006 .....	717	154	400 790	78 260	559	508	144	58 351
2007 .....	770	175	455 156	101 905	591	582	155	105 566
2008 .....	759	216	389 572	89 282	513	413	100	63 846
2009 .....	842	269	433 370	79 574	515	296	215	58 513
<b>2009</b>								
Bit 20 ensemble <sup>3</sup> .....	25	6	14 095	8 387	564	1 398	19	5 708
Det Norske Blåseensemble <sup>3</sup> .....	65	22	16 687	3 127	257	142	65	16 687
Det Norske kammerorkester <sup>4</sup> .....	42	-	19 119	-	455	-	37	3 926
Det Norske Solistkor .....	..	-	11 940	-	..	-	-	-
Kristiansand Symfoniorkester ..	111	32	28 220	2 838	254	89	38	5 075
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>6</sup> .....	57	7	12 119	1 879	213	268	10	2 652
Oslo-Filharmonien .....	185	79	110 477	8 228	597	104	2	980
Riksscenen <sup>5</sup> .....	-	-	-	-	-	-	-	-
Stavanger Symfoniorkester .....	84	20	55 908	13 464	666	673	9	2 414
Stiftelsen Harmonien .....	100	27	87 236	16 447	872	609	27	8 826
Tromsø Symfoniorkester .....	74	38	14 323	1 086	194	29	1	3 140
Trondheim Symfoniorkester <sup>7</sup> .....	99	38	63 246	24 118	639	635	7	9 105

<sup>1</sup> Medrekna konserter i utlandet. <sup>2</sup> Publikum på billetterte arrangement i Oslo-Filharmonien var 87 275 i 2005. <sup>3</sup> Ny i statistikken frå og med 2004. <sup>4</sup> Ny i statistikken frå og med 2005. <sup>5</sup> Ny i statistikken frå og med 2008. <sup>6</sup> Ny i statistikken frå 2009. Frå 1.10.2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. <sup>7</sup> Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksem.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

**6.4. Orkester. Inntekter og utgifter. 2003-2009. 1 000 kroner**

Orkester	Inntekter i alt	Statstilskot	Regionale tilskot	Andre inntekter	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Driftsutgifter
2003 .....	347 867	254 485	48 146	45 236	13,0	-
2004 .....	363 912	262 200	47 414	54 298	14,9	-
2005 .....	398 860	285 795	54 337	58 728	14,7	-
2006 <sup>1</sup> .....	429 999	302 088	59 063	68 848	16,0	-
2007 <sup>4</sup> .....	469 416	321 050	62 139	86 288	18,4	477 288
2008 <sup>4</sup> .....	494 418	347 665	67 588	79 165	16,0	493 438
2009 .....	544 294	385 918	80 904	77 472	14,2	541 707
<b>2009</b>						
Det norske Blåseensemble <sup>3</sup> ....	26 962	18 186	7 794	982	3,6	26 830
Det Norske Kammerorkester .....	..	..	..	..	..	..
Kristiansand Symfoniorkester <sup>3</sup> ..	55 364	36 463	15 637	3 264	5,9	55 603
Oslo Filharmonien <sup>2</sup> .....	143 967	107 921	-	36 046	25,0	140 587
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>5</sup> .....	17 401	10 668	5 426	1 307	8,0	17 719
Stavanger Symfoniorkester ....	85 758	53 199	22 900	9 659	11,3	84 974
Stiftelsen Harmonien .....	107 386	91 473	-	15 913	14,8	108 601
Tromsø Symfoniorkester .....	15 961	10 047	4 306	1 608	10,1	16 605
Trondheim Symfoniorkester <sup>6</sup> ....	91 495	57 961	24 841	8 693	9,5	90 788

<sup>1</sup>To nye orkester. <sup>2</sup>Inkl. både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. <sup>3</sup>Inkl. tilskot til drift fra Forsvarsdepartementet. <sup>4</sup>Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta. <sup>5</sup>Ny i statistikken fra 2009. Fra 1.10.2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. <sup>6</sup>Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemder.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet og dei enkelte orkestra.

**6.5. Riksksertane. Talet på konserter og tilhørarar, etter konserttype og fylke. 2000-2009**

	Konsertar	Tilhørarar	Tilhørarar i gjennomsnitt per konsert
2000 .....	7 177	766 577	107
2001 .....	7 720	818 093	106
2002 .....	7 606	816 582	107
2003 .....	7 727	835 641	108
2004 .....	8 911	1 002 982	113
2005 .....	9 436	1 175 453	125
2006 .....	9 624	1 305 479	136
2007 .....	10 114	1 306 335	129
2008 <sup>1</sup> .....	10 209	1 291 561	127
2009 .....	10 011	1 298 824	130
<b>Konserttype</b>			
Skolekonsertar .....	9 061	1 196 982	132
Barnehagekonsertar .....	632	26 640	42
Offentlege konsertar .....	318	75 202	236
<b>Østfold</b> .....	466	70 928	152
Akershus .....	844	148 787	176
Oslo .....	697	123 072	177
Hedmark .....	355	47 638	134
Oppland .....	508	54 932	108
Buskerud .....	530	69 166	131
Vestfold .....	416	61 080	147
Telemark .....	440	50 500	115
Aust-Agder .....	286	31 753	111
Vest-Agder .....	432	48 423	112
Rogaland .....	940	125 810	134
Hordaland .....	1 028	119 566	116
Sogn og Fjordane .....	380	33 524	88
Møre og Romsdal .....	570	71 138	125
Sør-Trøndelag .....	472	74 599	158
Nord-Trøndelag .....	372	39 690	107
Nordland .....	641	65 113	102
Troms Romsa .....	423	41 521	98
Finnmark Finnmark .....	208	21 152	102
Svalbard .....	3	432	144

<sup>1</sup>Retta sidan føre utgåve.

Kjelde: Riksksertane.

**6.6. Rikskonsertane. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2009**

	Tilhøyrarar i alt	Skolekonsertar	Barnehagekonsertar	Offentlege konsertar
**Figur 12.1. Aviser. Opplagstal, etter type. 2001-2009**



<sup>1</sup> Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. <sup>2</sup> Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. <sup>3</sup> Aften (Aftenposten Aften) gjekk frå 5 til 3 utgåver per veke i 2009.

Kjelde: Avisåret 2009, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

**Figur 12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004-2009**

Kjelde: Avisåret 2009, Høgskulen i Volda/Møreforskning.

### 138 aviser fekk produksjonstilskot

I 2009 fekk 138 aviser produksjonstilskot på litt under 265 millionar kroner. Det er same tal på aviser og om lag same beløp som for 2008. Produksjonstilskot til dagsaviser er ei tilskotsordning under pressestøtteordninga som Medietilsynet forvaltar. Pressestøtta omfattar også blant anna tilskot til samiske aviser. Tabell 12.1 syner fleire detaljar om produksjonstilskotet for dagsaviser (jf. 12.2).

#### 12.1. Dagsaviser som fekk produksjonstilskot. 2004-2009

	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Aviser i alt .....</b>	<b>135</b>	<b>138</b>	<b>138</b>	<b>139</b>	<b>138</b>	<b>138</b>
Nr. 2-aviser, ekskl. rikspreidde aviser <sup>1</sup> .....	23	25	24	26	26	25
Rikspreidde meiningsbêrande aviser .....	5	5	5	5	5	5
Nr. 1 og aleineaviser .....	57	56	58	56	56	56
Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser .....	50	52	51	52	51	52
1 000 kr						
Tilskotsbeløp i alt .....	246 961	244 186	252 521	251 765	264 310	264 452

<sup>1</sup> Inkluderer sju vekeaviser som er nr.2 -aviser på utgivarstaden.

Kjelde: Medietilsynet, årsrapport 2009.

### Avisene på Internett

Statistikken over norske aviser på Internett er ikkje oppdatert for 2009, men som det går fram av tala frå 2008, har no nesten alle avisene eit tilbod på Internett, sjå tabell 12.2. 13 prosent av befolkninga las berre nettavis i 2009, i 2008 var det 9 prosent som berre las nettavis, jf. tabell 12.8.

#### 12.2. Norske aviser på Internett<sup>1</sup>, ved utgangen av året. 1997-2008

	1997	1998	1999	2000	2001	2003	2005	2006	2008
<b>Alle aviser .....</b>	<b>221</b>	<b>220</b>	<b>224</b>	<b>219</b>	<b>218</b>	<b>226</b>	<b>226</b>	<b>229</b>	<b>228</b>
Oppdatert nyheitsteneste <sup>2</sup> .....	5	9	12	48	47	40	75	119	149
Fyldig nettavis <sup>3</sup> .....	37	38	48	57	63	66	44	28	22
Smal nettavis, notisavis .....	16	19	18	22	38	51	63	49	25
Heimeside .....	10	30	39	26	50	50	36	27	29
Anna .....	6	6	3	4	3	5	2	2	1
Heimeside fellesopplegg .....	-	15	20	13	37	26	12	10	8
Aviser på nett i alt .....	72	102	120	157	201	212	220	225	226

<sup>1</sup> Oversikta gjeld betalte (papir)aviser på Internett. Gratisaviser og reine nettavisar er ikkje med. <sup>2</sup> For 1997-1999 gjeld registreringar berre dagsaviser. Krav til oppdatering er litt strengare i 2003 enn tidlegare. <sup>3</sup> Minst fire nyheitssaker presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Avisåret 2008, Høgskulen i Volda/Møreforskning.

**Vekepressa** I 2009 hadde magasina som er medlemmer i Mediebedriftenes Landsforening<sup>5</sup> eit samla gjennomsnittleg nettoopplag per nummer på 2,7 millionar. Statistikken for 2009 omfattar 67 magasin, 8 færre magasin enn i statistikken for 2008. Færre magasin medverkar til ein reduksjon i samla opplagstal, nær 300 000, eller 9 prosent, lågare enn i 2008. Det er flest Familieblad representerte i denne oversikta, 30 blad i 2009, og desse magasina utgjer om lag to tredjedelar av gjennomsnittleg opplag per utgiving. Den nest største gruppa er Sport, hobby og fritid med ni ulike blad eller magasin og med eit gjennomsnittleg opplag på nær 200 000.

### 12.3. Vekepresse<sup>1</sup>. Talet på blad og magasin og opplag per utgiving, etter gruppe. 2007-2009

Gruppe	2007		2008		2009	
	Talet på blad/ magasin	Opplag	Talet på blad/ magasin	Opplag	Talet på blad/ magasin	Opplag
I alt .....	71	3 174 758	75	3 132 222	67	2 838 420
Familieblad og TV-guidar .....	32	2 065 252	33	1 984 329	30	1 831 253
Heim og hage .....	7	260 196	9	288 541	7	238 843
Data, audio og video .....	3	59 905	3	55 737	3	48 473
Bil og båt .....	8	189 122	8	167 166	7	146 275
Helse, mat og livsstil .....	6	140 510	6	126 662	4	91 438
Sport, hobby og fritid .....	7	197 440	9	205 420	9	197 727
Teikneseriar .....	1	111 367	2	184 161	2	176 871
Anna .....	7	150 966	5	120 206	5	107 540


<sup>1</sup> Omfattar vekepresse som er medlemmer i Mediebedriftenes Landsforening.

Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

### Fagpresse

Også opplagstala for fagpressa syner nedgang i 2009. Det er framleis vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa. Men ein kan fastslå at det er eit stort mangfald blant dei ulike kategoriene magasin og blad. Sjølv om nokre blad kan vere ført opp i fleire kategoriar, kan ein rekne samla opplag til om lag 6,8 millionar i 2009. Etter ein topp i 2007 med omsyn både til talet på magasin og opplagstal, ser vi nå ein nedgang. I 2007 var det nær 400 blad, i 2009 er det 350 blad som er medlemmer av Den norske fagpresses forening. Gruppa Offentleg verksemd, undervisning, forsking o.a. hadde flest magasin med 77 i 2009, ein nedgang på 4 blad. Opplagstala syner ein nedgang på 7 prosent samanlikna med 2008. Gruppa Tenesteyting, økonomi mv. har hatt størst prosentvis nedgang i opplagstala med 14 prosent.

Figur 12.3. Fagpresse. Opplag per utgiving, etter gruppe<sup>1,2,3</sup>. 2003-2009



<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. <sup>2</sup> Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. <sup>3</sup> Nokre periodika er ført opp under fleire kategoriar.

Kjelde: Den norske fagpresses forening.

<sup>5</sup> Magasin- og UkepresseForeningen blei lagd ned i 2009, jf. 12.2.


**Bruk av trykte medier**

Det går fram av tal frå Norsk mediebarometer 2009 at 65 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2009, mens 13 prosent las eit vekeblad, 5 prosent las eit teikneserieblad og 12 prosent las eit tidsskrift. Tala for 2007 var respektive 72 prosent, 14 prosent, 7 prosent og 11 prosent.

I 2009 las kvar nordmann i gjennomsnitt 25 minutt i ei papiravis per dag. Menn og kvinner brukar om lag like mykje tid på å lese papiraviser. Lesing av papiraviser aukar med alderen. Mens 38 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2009, var delen 82 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les avis er også noko større blant dei med høg utdanning enn blant dei med låg utdanning. Delen som les aviser er høgast blant dei med yrke som krev høgare utdanning og blant pensjonistar. Hushaldsinntekt betyr lite for om ein les avis eller ikkje. Delen som les papiraviser har gått litt ned dei seinare åra, men delen som les avissider på Internett har auka. Særleg gjeld dette dei unge. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 12.6, 12.7 og 12.8.

Kulturstatistikk 2008 gir tal for kulturbruk/lesing av avis osb. blant personar med innvandrarbakgrunn (tabellane 12.9, 12.10, 12.11 og 12.12).

**Figur 12.4. Avislesing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991-2009. Prosent**



Kjelde: Norsk mediebarometer 2009.

## 12.2. Om statistikken – avisar, vekepresse og fagpresse

**Avisene**

Statistikken over avislandskapet er utarbeidd av Sigurd Høst ved Høgskulen i Volda/Møreforsking og baserer seg på publikasjonen Avisåret 2009 (Avisåret 2009, Sigurd Høst). Formålet med rapportserien Avisåret er at han skal dekkje alle norske avisar, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalavisar (LLA). Det viktigaste grunnlaget for statistikken er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over avisar på Internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

**Pressestøtta**

Pressestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå ulike mål på medieområdet bl.a. hjelpe til å oppretthalde mangfaldet i avisutgivingar, både når det gjeld verdiforankring, geografi og innhald. Den mest sentrale målsetjinga er å sørge for at det blir utgitt dagsavisar, samiske avisar og publikasjonar på minoritetsspråk (Prop.1 S, 2010-2011, Kulturdepartementet).

Pressestøtta omfattar produksjonstilskot til dagsavisar, tilskot til nyutta medieforskning og etterutdanning, tilskot til samiske avisar, tilskot til

minoritetsspråklege publikasjonar og distribusjonstilskot til avisene i Finnmark. Medietilsynet forvaltar desse tilskotsordningane.

<b>Vekepressa</b>	Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasina som er medlemmer. Magasin- og Ukepresseforeningen (MUF) blei lagd ned i 2009. MBL tok over MUFs aktivitetar. Innanfor MBL er det skipa ei eiga gruppering som tek vare på spesifikke oppgåver i bransjen. MBLs gruppering for vekepresse og magasin har som formål å behandle spørsmål av felles interesse for grupperinga sine medlemmer, og som ikkje blir behandla av MBL sentralt. Grupperinga er oppteken av at medlemmene får rammevilkår som gir lønnsame bedrifter og sikre arbeidsplassar ( <a href="http://www.mediebedriftene.no">http://www.mediebedriftene.no</a> ). Kategoriseringa av vekepressa er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.
<b>Fagpressa</b>	Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad. Det er vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa fordi nokre periodika er ført opp under fleire kategoriar.
<b>Mediebruksundersøkingane</b>	Tala som omhandlar bruk av avis og blad er henta frå den årlege mediebruksundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Tala for 2009 er henta frå Norsk mediebarometer 2009. Termen <i>kvartil</i> representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Kjennemerke nyttar i tabellane, sjå kap. 5.2.
<b>Avis</b>	<b>12.3. Omgrep</b> Avis i denne statistikken er meint alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal "orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål", ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar. (Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004).
<b>Vekepressa</b>	Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasina kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som vert presenterte er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer.

#### Referansar:

Avisåret 2009, Sigurd Høst  
 Prop.1 S, 2010-2011, Kulturdepartementet  
 Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004  
 Mediebedriftenes Landsforening: <http://www.mediebedriftene.no>

#### Nyttige internettadresser, sjå:

Institutt for Journalistikk: <http://www.ij.no/>  
 Høgskulen i Volda: <http://www.hivolda.no>  
 Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no>  
 Mediebedriftenes Landsforening: <http://www.aviskatalogen.no>  
 Landslaget for Lokalavisar: <http://www.ll.a.no>  
 Den norske fagpresses forening: <http://www.fagpressen.no>  
 Norsk mediebarometer 2009: <http://www.ssb.no/medie>  
 Medienorge: <http://www.medienorge.uib.no>  
 Kulturstatistikk 2007 og 2008: [http://www.ssb.no/emner/07/nos\\_kultur/](http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/)  
 Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:  
[http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929/](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/)

## 12.4. Aviser, etter type og opplag. 2003-2009

	2003		2004		2005		2006		2007		2008		2009	
	Aviser i alt	Opplag, 1 000												
I alt .....	223	3 056	226	3 020	226	2 948	229	1 2876	228	2 844	228	1 2763	225	1 2659
Laussalsaviser .....	2	566	2	548	2	506	2	462	2	445	2	408	2	368
Storbyaviser <sup>3</sup> .....	4	503	4	493	4	488	4	482	4	486	4	477	4	467
Nr.2-aviser i store byar .....	3	78	3	80	3	80	3	76	3	73	3	68	3	64
Riksspreidde meiningsbêrande avisar .....	6	151	6	153	6	160	6	163	6	169	4	177	8	173
Leiande lokale dagsaviser .....	56	934	56	923	56	909	56	896	56	885	56	867	56	840
Lokale dagsaviser, nr. 2 .....	2	34	2	33	2	33	2	33	2	33	2	32	2	31
Lokale 2-3 dagarsaviser .....	79	403	79	403	80	400	79	390	79	392	81	398	81	393
Lokale vekeaviser .....	54	119	57	123	57	123	62	140	62	140	63	136	61	132
Nasjonale fådagarsaviser .....	16	113	16	116	15	108	14	96	13	90	8	76	7	80
Aftenposten Aften <sup>5</sup> .....	1	155	1	148	1	142	1	137	1	131	1	125	1	112

<sup>1</sup>På grunn av avrundingar stemmer ikkje summane heilt. <sup>2</sup>Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. <sup>3</sup>Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. <sup>4</sup>Avvir og Sagat er rekna som dagsaviser i 2008 sjølv om dei var fådagarsaviser meir enn halve året. <sup>5</sup>Aften (Aftenposten Aften) gjekk frå 5 til 3 utgåver per vike i 2009.

Kjelde: Avisåret 2009, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

12.5. Fagpresse. Talet på periodika<sup>1</sup> og opplag per utgiving, etter gruppe<sup>2,3</sup>. 2003-2009

Gruppe	2003		2005		2007		2008		2009	
	Peri- dika	Opplag	Peri- dika	Opplag	Peri- dika	Opplag	Peri- dika	Opplag	Peri- dika	Opplag
Landbruk og fiske .....	17	380 216	17	399 060	19	405 776	17	366 738	17	357 658
Industri, teknikk og handverk ..	66	1 094 594	69	1 239 585	79	1 341 429	68	1 291 487	62	1 263 579
Bygg og anlegg .....	26	476 334	22	460 276	26	499 928	23	520 813	22	508 085
Varehandel, hotell og storkjøkken .....	25	171 036	27	189 968	28	194 336	22	175 722	24	180 938
Transport og samferdsel .....	11	485 518	8	481 680	11	533 617	9	524 399	10	505 490
Tenesteyting, økonomi mv. ....	31	510 943	33	578 231	38	664 450	36	637 317	31	549 821
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv. ....	58	992 343	55	941 803	82	1 239 600	81	1 283 587	77	1 199 906
Helse-, sosial- og veteranærtenester .....	41	995 059	43	892 931	<sup>4</sup> 57	<sup>4</sup> 921 536	<sup>4</sup> 58	<sup>4</sup> 1 005 878	57	973 042
Kultur og fritid .....	45	1 303 490	44	1 324 141	58	1 422 110	51	1 330 366	50	1 322 018

<sup>1</sup>Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. <sup>2</sup>Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. <sup>3</sup>Nokre periodika er ført opp under fleire kategoriar. <sup>4</sup>Retta sidan førra utgåve.

Kjelde: Den norske fagpresses forening.

**12.6. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2005-2009.**

	Avis			Vekeblad			Teikneserieblad			Tidsskrift		
	2005	2007	2009	2005	2007	2009	2005	2007	2009	2005	2007	2009
<b>Alle personar .....</b>	<b>29</b>	<b>29</b>	<b>25</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>Kjønn</b>												
Menn .....	30	30	25	2	2	2	3	2	1	3	3	4
Kvinner .....	27	27	25	7	6	7	1	1	0	3	3	3
<b>Alder</b>												
9-15 år .....	7	5	5	3	2	2	11	8	4	0	0	1
16-24 " .....	14	15	10	4	3	1	3	3	1	2	2	2
25-44 " .....	24	24	19	4	3	3	1	1	1	3	3	3
45-66 " .....	42	39	35	6	5	4	0	0	0	4	4	4
67-79 " .....	53	54	51	7	9	11	0	0	0	4	5	6
<b>Utdanning</b>												
Ungdomsskole .....	31	27	22	7	8	7	1	1	0	1	3	1
Vidaregåande skole .....	30	32	25	5	5	5	1	1	1	3	3	4
Universitet/høgskole, kort .....	33	33	29	5	3	3	1	1	1	3	4	4
Universitet/høgskole, lang .....	36	37	37	2	2	3	1	1	1	8	6	6
<b>Hushaldsinntekt</b>												
1. quartil .....	31	34	24	6	6	6	1	1	1	3	4	5
2. quartil .....	34	29	29	6	4	4	2	2	1	3	3	3
3. quartil .....	27	27	23	4	3	3	2	2	1	3	3	4
4. quartil .....	30	30	28	3	3	3	2	1	1	3	3	3
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>												
Yrkesgruppe 1-2 .....	35	36	30	3	2	3	1	1	1	5	5	4
Yrkesgruppe 3 .....	33	28	29	5	4	2	0	1	0	3	4	5
Yrkesgruppe 4-5 .....	25	26	19	5	4	5	1	1	1	2	2	2
Yrkesgruppe 6-9 .....	27	24	22	4	2	2	2	2	1	3	3	3
Elevar/studentar .....	14	17	9	3	1	2	3	1	1	4	1	4
Trygd/pensjonistar .....	47	48	44	9	9	11	0	0	0	4	4	5
Heimearbeidande .....	28	:	:	5	:	:	1	:	:	1	:	:

Kjelde: Norsk mediebarometer 2009, Statistisk sentralbyrå.

**12.7. Personar som les avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2005-2009. Prosent**

	Avis			Vekeblad			Teikneserieblad			Tidsskrift		
	2005	2007	2009	2005	2007	2009	2005	2007	2009	2005	2007	2009
<b>Alle personar .....</b>	<b>74</b>	<b>72</b>	<b>65</b>	<b>16</b>	<b>14</b>	<b>13</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>11</b>	<b>12</b>
<b>Kjønn</b>												
Menn .....	74	73	66	9	8	6	10	9	8	12	12	14
Kvinner .....	73	72	64	23	20	19	4	5	3	10	11	11
<b>Alder</b>												
9-15 år .....	43	40	38	15	10	7	34	29	21	3	3	4
16-24 " .....	56	53	46	14	12	6	12	10	6	7	9	8
25-44 " .....	73	71	63	16	12	12	5	4	5	12	12	13
45-66 " .....	90	88	81	16	15	15	1	2	2	13	14	16
67-79 " .....	89	90	82	19	18	22	1	0	0	14	14	16
<b>Utdanning</b>												
Ungdomsskole .....	76	74	62	22	18	19	6	4	3	5	9	6
Vidaregående skole .....	77	74	65	16	15	13	3	3	3	11	10	12
Universitet/høgskole, kort .....	79	79	72	17	13	12	4	6	4	13	13	16
Universitet/høgskole, lang .....	82	85	84	8	9	11	5	4	3	21	25	23
<b>Hushaldsinntekt</b>												
1. kvartil .....	70	74	60	21	15	16	5	3	5	11	13	15
2. kvartil .....	76	73	68	18	14	13	6	7	4	12	10	11
3. kvartil .....	76	75	68	14	12	11	7	9	6	12	11	15
4. kvartil .....	78	77	71	12	14	10	8	8	6	11	13	13
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>												
Yrkesgruppe 1-2 .....	82	82	78	12	10	10	4	4	5	17	19	16
Yrkesgruppe 3 .....	82	75	72	16	16	9	2	5	2	11	13	19
Yrkesgruppe 4-5 .....	74	78	64	20	17	19	3	3	4	10	10	9
Yrkesgruppe 6-9 .....	78	70	64	12	11	9	6	6	3	11	10	11
Elevar/studentar .....	53	54	43	16	6	6	11	6	6	6	4	11
Trygd/pensjonistar .....	86	87	77	23	20	25	1	0	0	14	13	15
Heimearbeidande .....	75	:	:	14	:	:	3	:	:	6	:	.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2009, Statistisk sentralbyrå.

**12.8. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag, etter kjønn og alder. 2001-2009. Prosent**

	Trykt avis	Nettavis	Anten trykt avis eller nettavis	Berre trykt avis	Berre nettavis	Både trykt avis og nettavis
<b>2001 .....</b>	<b>78</b>	<b>10</b>	<b>79</b>	<b>69</b>	<b>2</b>	<b>9</b>
2002 .....	77	12	79	67	2	10
2003 .....	77	17	80	63	4	14
2004 .....	75	19	79	60	4	15
2005 .....	74	27	81	54	7	20
2006 .....	74	31	82	51	8	23
2007 .....	72	34	81	47	8	25
2008 .....	68	35	77	42	9	26
2009 .....	65	40	78	38	13	27
<b>2009</b>						
<b>Kjønn</b>						
Menn .....	66	48	81	33	15	33
Kvinner .....	64	32	75	43	11	21
<b>Alder</b>						
9-15 år .....	38	13	43	30	5	8
16-24 " .....	46	54	73	18	27	28
25-44 " .....	63	59	84	25	21	38
45-66 " .....	81	33	86	53	6	28
67-79 " .....	82	17	83	67	2	15

Kjelde: Statistisk sentralbyrås mediebruksundersøkingar.

## 13. Film og kino


### 13.1. Nokre resultat

*800 000 fleire kinobesøk i 2009*

Nøkkeltala for kinoåret 2009 syner at det var eit godt kinoår. Det var 12,7 millionar kinobesøk, 800 000 eller 7 prosent fleire besøk enn i 2008. Dette svarar til 2,6 kinobesøk per innbyggjar. På heile 2000-talet har kinoane hatt eit årleg besøk på mellom 11 og 13 millionar. 2003 var det sterkeste året med over 13 millionar og 2007 det svakaste med litt under 11 millionar besøk.

Over 2,6 millionar av kinobesøka i 2009 var på norske filmar. Dette utgjer 20,6 prosent av samla kinobesøk. Samanlikna med 2008 som var eit godt kinoår for norske filmar, representerer dette om lag 43 000 færre besøkjande. Jf. figur 13.1 som viser fordelinga mellom norske og utanlandske filmar.

**Figur 13.1. Kinobesøk. Utanlandske og norske filmar. 2000-2009 Millionar personar**



Kjelde: Film & Kino.

Alle fylka har teke del i det aukande kinobesøket i 2009. Sogn og Fjordane hadde størst prosentvis auke med 22,5 prosent. Kinoane i Oslo hadde størst auke i talet på besøk med om lag 147 000 fleire besøk, tilsvarende 6 prosent auke.

I 2009 var det nær 308 000 framsyningar på dei norske kinoane. Det er litt fleire framsyningar enn i 2008. 19 prosent av framsyningane var norske filmar. Jf. tabellane 13.1 og 13.2.

Det var totalt 223 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2009. Talet på dei norske langfilmpremierane har halde seg stabilt på 22 dei siste åra, jf. tabell 13.3.

#### Færre sitjeplassar

Dei to siste åra er fleire av kinosalane gjort om til digitale salar. Ved slutten av 2009 var det 65 digitale salar av totalt 652 kinosalar (inkludert 230 framsyningsstader for Bygdekinoen). Det stadfestar at kinostrukturen held fram med å endre seg i takt med dei teknologiske endringane og andre krav til filmframstilling. Utviklinga syner at det er blitt færre kinobygg og fleire salar dei siste åra. I 2009 var det 78 700 sete, ein nedgang på 460 frå 2008. Sidan 2004 er talet på sitjeplassar totalt redusert med 6 300, og det ser framleis ut til at det er i dei ikkje-kommunale kinoane den største reduksjonen skjer. I 2009 var det 155 kommunale kinobygg og 57 ikkje-kommunale kinobygg. Bygdekinoen hadde 230 framsyningsstader i 2009, litt færre stader enn i 2008. Besøka på Bygdekinoen representerer 1,1 prosent av dei totale kinobesøka i 2009.

#### Færre vurderte spelefilmar

238 spelefilmar blei vurderte/registrerte hos Medietilsynet i 2009. Det er fire færre filmar enn i 2008 og 13 færre enn i 2007. Ni spelefilmar er berre registrerte og blir

automatisk viste med 18-årsgrunne. 37 kortfilmar blei registrerte ved Medietilsynet i 2009. Jf. tabell 13.4 og pkt. 13.2. Registrerte /vurderte filmar blir ikkje alltid viste på kino same året som dei er vurderte/registrerte.

#### *Filmsamlingane aukar*

Frå 2008 har Nasjonalbiblioteket ansvaret for forvaltninga av filmsamlingane. På slutten av 2009 inneheoldt samlingane 21 800 registrerte filmtitlar, ein tilvekst på 640 filmar frå 2008. Dei to siste åra er videofilmar inkluderte i filmsamlingane og utgjer 3 prosent av samlingane i 2009. Det blei 200 fleire utanlandske spelefilmar i samlingane siste året, og desse filmane utgjer 37 prosent av samlingane. Sidan 2005 har filmsamlingane auka med over 2 000 filmtitlar. Nasjonalbiblioteket fekk også inn 50 norske kortfilmtitlar i 2009, og dei norske kortfilmane i samlingane tel drygt 9 200 i 2009. Tabell 13.5 viser totalt tal på filmtitlar i samlingane og tilveksten av filmar i 2009.

#### *Tilskot til norsk filmproduksjon*

Tabell 13.6 syner dei ulike tilskotsordningane til norsk filmproduksjon. Norsk filminstitutt forvaltar dei statlege tilskotsordningane til audiovisuelle produksjonar, kortfilmar, kinofilmar, tv-produksjonar, dokumentarseriar for TV, osb. Produksjonstilskotet til film- og fjernsyn utgjer største delen av tilskota med 207 millionar kroner i 2009, og desse pengane fordeler seg på 110 prosjekt. Forutan produksjonstilskotet blei det også gitt utviklingstilskot, billettstøtte og lanseringstilskot til spelefilm/kinofilm. Det blei gitt billettstøtte til 44 kinofilmar, og denne støtta utgjorde 96 millionar kroner i 2009. Sidan billettstøtte blir gitt i inntil fem år etter premieren, er talet på filmar som fekk støtte etter denne ordninga, høgare enn talet på kinopremierar i 2009.


Dei regionale filmsentra er også ein del av den statlege satsinga på film. Det blei fordelt 27 millionar kroner over statsbudsjettet til produksjon av film til regional filmsatsing i 2009. Tabell 13.7 syner talet på blant anna kortfilmar, dokumentarfilmar og animasjonsfilmar som fekk tilskot til produksjon ved dei ulike verksemndene. Til saman fekk 118 filmprosjekt tilskot, 59 av desse prosjekta var dokumentarfilm. 51 filmar blei ferdigstilte i 2009, over halvparten av desse var dokumentarfilmar. Dei regionale sentra i denne oversikta omfattar, Nordnorsk filmsenter, Midtnorsk filmsenter, Vestnorsk filmsenter, Østnorsk filmsenter, Filmkraft Rogaland filmsenter og Sørnorsk filmsenter. Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) hadde ikkje produksjon i 2009.

#### *73 prosent på ein kino siste 12 månader i 2009*

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2009 syner at 73 prosent av befolkninga hadde vore på ein kino dei siste 12 månadene. I 2008 var prosenten 70. Om lag like mange menn og kvinner gjekk på kino. Det er flest personar i alderen 16-24 år som gjekk på kino, 92 prosent i 2009. 42 prosent i aldersgruppa 67-79 år hadde vore på kino i 2009. Dette er ein auke frå 39 prosent i 2008. På same vis som for fleire andre kulturtildelte, er det dei med høg utdanning og dei med størst husholdsinnsekt som helst nyttar dette kulturtildelte. Det er i særleg grad elevar/studentar som går på kino. Personar med yrke som krev høg utdanning går også mykje på kino. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 13.8.

Kulturstatistikk 2008 gir tal for kulturbruk/kinobesøk blant personar med innvandrarbakgrunn (tabell 13.9).

**Figur 13.2. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter kjønn. 1994-2009.**  
Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2009, Statistisk sentralbyrå.

## 13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

### Film & Kino

Film & Kino er ein kombinasjon av ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og ein bransjeorganisasjon for kino- og videobransjen. Organisasjonen forvaltar Norsk kino- og filmfond (NKFF) og driv i tillegg Bygdekinoen og tidsskriftet Film & Kino.

### Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt forvaltar dei statlege tilskotsordningane for utvikling og produksjon av film, fjernsynsprogram og interaktive prosjekt. Norsk filminstitutt forvalta i 2009 sju ulike tilskotsordningar for tilskot til filmformål, i tillegg til direkte produsenttilskot. Norsk filminstitutt er statens forvaltningsorgan på filmområdet og blei underlagd nåverande Kulturdepartementet i 2008. Norsk filminstitutt er eit ordinært statleg forvaltningsorgan med løying over statsbudsjettet. Norsk filminstitutt er Kultur- og kyrkjedepartementets rådgivar i filmfaglege spørsmål og tek vare på oppgåver knytte til EURIMAGES og MEDIA Desk Norge. (Norsk filminstitutt, <http://www.nfi.no>).

Tilskotsordningane utgjorde 327 millionar kroner i 2009 (Prop. 1 S, Kulturdepartementet, 2010-2011).

### Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for innsamlings- og bevaringsfunksjonane av film. Levering av film til Nasjonalbiblioteket er å sjå på som ein del av pliktavleveringa, sjå også kap. 11.

### Medietilsynet

Nokre av oppgåvene til Medietilsynet (oppgåvene til tidlegare Statens filmtilsyn) er mellom anna gitt i lov om film og videogram (film-og videogramlova) av 15. mai 1987 nr. 21. Lova gav blant anna reglar om førehandskontroll og fastsetjing av aldersgrenser for film og video som skal visast i næring. Etter ei endring i § 100 i Grunnlova 30.09.04 ("Ytringsfrihet bør finde Sted"), la Medietilsynet frå 2005 om praksisen da det ikkje lenger var obligatorisk med førehandskontroll av film i Noreg (Forskrift om film og videogram, endra ved forskrift 11.01.2005 nr. 16). Filmar som skal visast for personar under 18 år, skal framleis inn for aldersklassifisering. Filmar som berre blir registrerte, blir automatisk viste med 18-årsgrense. Vidare gir film- og videogramlova reglar for merking og registrering av videogram som skal seljast i næring.

Tre forskrifter er gitt til film og videogramlova. Desse omhandlar film og videogram, vilkår for løyve til å prente registreringsmerket til Medietilsynet på omslag og kassett og reglar om merking ved elektronisk omsetning av videogram (Medietilsynet. <http://www.medietilsynet.no>).

Talet på kinobesøk for 2009 er henta frå Norsk mediebarometer 2009. Termen kvartil representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Andre kjennemerke nyttta i tabellen, sjå kap. 5.2.

### **13.3. Omfang, publisering og samanlikningar**

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken blir publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidane til kino.no. Delar av statistikken blir òg publiserte i Statistisk årbok. Nokre tal for kinoane blir elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken til andre land.

#### **Referansar:**

Film & Kino: <http://www.kino.no>

Prop. I S, Kulturdepartementet, 2010-2011

Norsk filminstitutt. <http://www.nfi.no>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

#### **Nyttige internettadresser for film og kino:**

Film & Kino: <http://www.kino.no> og <http://www.filmweb.no/filmogkino/>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

Norsk filminstitutt: [http://www.nfi.no/](http://www.nfi.no)

Norsk mediebarometer 2009, SSB: <http://www.ssb.no/medie>

Kulturstatistikk 2007 og 2008: [http://www.ssb.no/emner/07/nos\\_kultur/](http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/)

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:

[http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929/](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/)

## 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2009

	Besøk i alt	Ved kommunale kinoar	Ved private kinoar	Ved bygdekinoar	Besøk Per innbyggjar <sup>1</sup>
2001 .....	12 477 164	10 761 725	1 566 446	148 993	2,8
2002 .....	12 041 422	9 976 579	1 934 206	130 637	2,6
2003 .....	13 049 067	10 758 367	2 156 809	133 891	2,9
2004 .....	11 966 254	9 671 796	2 148 667	145 791	2,6
2005 .....	11 314 081	9 078 088	2 101 469	134 524	2,4
2006 .....	12 012 493	9 560 709	2 303 726	148 058	2,6
2007 .....	10 815 700	8 619 801	2 068 216	127 683	2,3
2008 .....	11 869 449	9 631 599	2 108 034	129 816	2,5
2009 .....	12 701 912	10 356 276	2 206 555	139 081	2,6
<b>2009</b>					
Østfold .....	607 505	479 529	124 804	3 172	2,3
Akershus .....	1 287 173	382 434	896 730	8 009	2,4
Oslo .....	2 476 055	2 472 505	2 033	1 517	4,3
Hedmark .....	340 834	337 645	-	3 189	1,8
Oppland .....	317 627	305 704	1 928	9 995	1,7
Buskerud .....	583 823	198 111	377 538	8 174	2,3
Vestfold .....	543 029	299 063	243 605	361	2,4
Telemark .....	401 091	244 686	147 064	9 341	2,4
Aust-Agder .....	229 468	221 048	-	8 420	2,1
Vest-Agder .....	483 080	451 089	27 804	4 187	2,9
Rogaland .....	1 207 918	1 194 454	10 257	3 207	2,9
Hordaland .....	1 456 009	1 413 143	21 782	21 084	3,1
Sogn og Fjordane .....	157 552	99 792	46 978	10 782	1,5
Møre og Romsdal .....	418 124	388 228	18 293	11 603	1,7
Sør-Trøndelag .....	922 968	914 063	2 682	6 223	3,2
Nord-Trøndelag .....	251 248	244 627	687	5 934	1,9
Nordland .....	412 461	255 499	148 167	8 795	1,8
Troms Romsa .....	459 361	323 525	129 313	6 523	3,0
Finnmark Finnmark .....	142 866	131 131	3 170	8 565	2,0
Svalbard <sup>2</sup> .....	3 720	-	3 720	-	-

<sup>1</sup> Berekna tal. <sup>2</sup> Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune.

Kjelde: Film &amp; Kino.

## 13.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001-2009

	Kino- bygg i alt	Kino- salar	Av dette for digital- kino	Sitje- plassar	Framsyningar		Besøk			Billettinntekter, 1 000 kroner		
					I alt	Av dette norske	I alt.	Av dette 1 000 personar	Besøk på norske filmar.	Besøk per fram- syning	I alt	Av dette norske filmar
								1 000 personar	Prosent			
2001 .....	243	596	-	84 610	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689 857	99 881
2002 .....	249	600	-	85 913	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706 618	47 681
2003 .....	242	603	-	83 990	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815 305	133 781
2004 .....	240	625	-	85 047	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782 127	107 122
2005 .....	232	656	-	84 457	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783 550	98 310
2006 .....	227	649	-	82 630	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852 005	130 095
2007 .....	219	651	-	79 677	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791 190	115 462
2008 .....	218	661	49	79 177	307 249	56 722	11 870	2 657	22,4	38,6	917 659	202 456
2009 .....	212	652	65	78 716	307 962	57 377	12 702	2 613	20,6	41,2	1 042 145	195 330
Kommunale kinoar i alt .	155	321	..	61 505	240 502	45 234	10 356	2 090	20,2	43,1	850 435	156 589
Private kinoar i alt .....	57	101	..	17 211	62 226	10 668	2 207	462	20,9	35,5	183 929	35 366
Bygdekinoar .....	-	230	..	-	5 234	1 475	139	61	43,9	26,6	7 781	3 375

Kjelde: Film &amp; Kino.

**13.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland. 2005-2009**

	2005	2006	2007	2008	2009
I alt .....	230	241	237	221	223
<b>Produksjonsland</b>					
Noreg .....	121	422	123	22	22
Sverige .....	16	10	9	9	12
Canada .....	-	-	3	3	-
Danmark .....	13	6	8	7	7
Finland .....	-	4	1	3	-
Storbritannia .....	11	12	19	16	11
Tyskland .....	5	4	5	4	1
Frankrike .....	4	212	8	10	22
Italia .....	4	3	4	4	3
Island .....	-	2	2	-	3
Spania .....	6	1	3	3	4
Russland .....	-	1	1	2	1
Sør-Korea .....	4	1	1	-	-
USA .....	3 119	2 122	5 113	117	108
Andre land .....	27	41	37	21	29

<sup>1</sup>Av dette ein samproduksjon. <sup>2</sup>Av dette ei nyutsending. <sup>3</sup>Av dette fem nyutsendingar. <sup>4</sup>Av dette to nyutsendingar. <sup>5</sup>Av dette fire nyutsendingar.

Kjelde: Film &amp; Kino.

**13.4. Spelefilmar og kortfilmar vurderte/registrerte av Medietilsynet, etter aldersgrupper.1995-2009**

	1995	1997	1999	2001	2003	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Spelefilmar i alt .....</b>	<b>212</b>	<b>219</b>	<b>241</b>	<b>194</b>	<b>230</b>	<b>238</b>	<b>236</b>	<b>251</b>	<sup>2</sup> 242	<b>238</b>
<b>Aldersgrupper</b>										
Tillatne for barn 7 år og over ....	30	47	34	31	29	36	20	28	36	34
Tillatne for barn 11 år og over ..	54	51	60	64	70	62	67	69	67	62
Tillatne for ungdom 15 år og over ..	91	85	89	61	81	79	78	84	68	71
Tillatne for voksne 18 år og over ..	18	7	14	5	14	12	10	23	<sup>3</sup> 22	<sup>4</sup> 9
Tillatne for alle .....	19	29	44	33	36	49	61	47	49	62
<b>Kortfilmar i alt .....</b>	<b>41</b>	<b>36</b>	<b>32</b>	<b>36</b>	<b>21</b>	<b>14</b>	<b>32</b>	<b>33</b>	<b>32</b>	<b>37</b>
<b>Aldersgrupper</b>										
Tillatne for barn 7 år og over ....	6	4	10	9	2	-	1	1	2	3
Tillatne for barn 11 år og over ..	9	2	3	5	2	3	8	3	1	7
Tillatne for ungdom 15 år og over ..	1	3	2	1	1	3	3	-	-	1
Tillatne for voksne 18 år og over ..	-	1	-	-	-	-	-	<sup>1</sup> 28	<sup>1</sup> 24	21
Tillatne for alle .....	25	26	17	21	16	8	20	1	5	5

<sup>1</sup> Registrert hos Medietilsynet. <sup>2</sup> Det er berre registrert 21 filmar. <sup>3</sup> Ein film blei vurdert til 18-årsgrense. <sup>4</sup> Ingen filmar blei i 2009 vurderte til å kunne få 15-årsgrense eller lågare. Alle dei 9 filmane er registrerte utan førehåndskontroll, det vil seie at dei må visast med 18-årsgrensem.

Kjelde: Medietilsynet.

**13.5. Filmsamlingar ved Nasjonalbiblioteket<sup>1</sup>.1998-2009**

	Registrerte titlar per 31. desember										
	1998	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Tilvekst i 2009
I alt .....	17 932	18 682	18 910	19 139	19 475	19 803	20 128	20 583	<sup>2</sup> 21 184	21 824	640
Norske spelefilmar 35 mm .....	<sup>3</sup> 753	810	824	839	860	878	900	942	973	1 004	31
Utanlandske spelefilmar 35 mm .....	<sup>4</sup> 5 730	6 335	6 531	6 716	6 961	7 191	7 443	7 759	7 956	8 155	199
Norske kortfilmar 16/35 mm ....	8 705	8 782	8 800	8 824	8 884	8 949	8 995	9 080	9 154	9 204	50
Utanlandske kortfilmar 16/35 mm .....	2 744	2 755	2 755	2 760	2 770	2 785	2 790	2 802	2 812	2 822	10
Videor .....	..	..	..	..	..	..	..	..	289	639	350

<sup>1</sup> Nasjonalbiblioteket overtok som mottaksinstitusjon for film i 2008 etter Norsk Filminstitutt. <sup>2</sup> Medrekna pliktavlevert video. <sup>3</sup> Medrekna norske spelefilmar 16 mm. <sup>4</sup> Medrekna utanlandske spelefilmar 16 mm.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**13.6. Norsk filminstitutt<sup>1</sup>. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 2004-2009**

	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Kortfilmar</b>						
Talet på fullførte filmar <sup>2</sup> .....	-	23	40	34	58	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	12	18	21	13	15	8
Utviklingstilskot, samla tilskot ..	322 000	948 500	1 982 500	1 139 790	1 219 681	796 833
Produksjonstilskot, tal prosjekt ..	47	41	37	37	43	36
Produksjonstilskot, samla tilskot ..	10 559 800	12 730 500	15 959 800	14 675 287	<sup>7</sup> 25 182 303	21 861 806
<b>Kinofilmar<sup>3</sup>, fiksjon og dokumentar</b>						
Talet på filmpremièrar .....	23	26	22	22	<sup>8</sup> 24	23
Billettsøtte, talet på filmar <sup>4</sup> .....	29	26	33	31	31	44
Billettsøtte, samla utbetaling ...	57 154 200	49 326 400	67 394 700	58 625 637	86 729 770	96 376 174
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	41	46	35	87	67	57
Utviklingstilskot, samla tilskot ..	5 346 000	7 055 100	6 324 900	19 611 273	14 181 125	11 769 182
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	29	25	18	28	24	30
Produksjonstilskot, samla tilskot ..	109 816 900	121 731 000	125 129 700	145 741 650	126 647 217	156 795 790
Lanseringstilskot, talet på prosjekt .....	18	14	19	37	27	22
Lanseringstilskot, samla tilskot	15 090 800	10 938 300	17 733 500	35 100 000	24 269 804	23 686 797
<b>TV-produksjonar, enkeltståande<sup>5</sup></b>						
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	33	36	46	26	38	36
Utviklingstilskot, samla tilskot <sup>5</sup> ..	3 685 000	2 354 000	2 681 000	3 008 262	4 430 384	5 472 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	28	26	30	25	42	37
Produksjonstilskot, samla tilskot ..	6 950 000	7 198 000	6 114 000	7 432 000	17 497 385	16 030 000
<b>Dokumentarseriar for TV</b>						
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	-	-	3	5	-	3
Utviklingstilskot, samla tilskot ..	-	-	245 000	700 000	-	550 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	-	-	4	2	3	2
Produksjonstilskot, samla tilskot ..	-	-	3 250 000	1 825 000	1 900 000	1 395 000
<b>Drama, TV-seriar</b>						
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	5	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	19	16	8	13	13	28
Utviklingstilskot, samla tilskot ..	2 660 700	2 539 100	1 090 000	2 709 200	2 300 000	5 386 135
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	7	8	5	5	5	5
Produksjonstilskot, samla tilskot ..	13 696 300	13 998 300	21 940 000	21 710 000	11 775 000	11 050 000
<b>Nye medium<sup>6</sup></b>						
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	7	6	6	9	11	18
Utviklingstilskot, samla tilskot ..	8 000 000	5 000 000	5 397 700	6 000 000	7 900 000	10 600 000

<sup>1</sup> Frå 1. april 2008 tok Norsk filminstitutt over som einaste nasjonale forvaltningseining for film. <sup>2</sup> Fullførte kortfilmar har sjeldan "premiere". <sup>3</sup> Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer også kortfilmar med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. <sup>4</sup> Høgare tal enn talet på premierar kjem av overheng og reprisar frå tidlegare år. <sup>5</sup> Frå 2007 berre enkeltståande dokumentarar. <sup>6</sup> I praksis dataspel. <sup>7</sup> I tillegg kr 9 906 948 i lanseringstilskott til 30 kortfilmar. <sup>8</sup> Inklusive ein film i novelleformat og ein kinofilm med berre regional distribusjon.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

## 13.7. Regionale Filmsenter. Tildelinger til filmproduksjon og ferdige filmar. 2009

	I alt	Nordnorsk filmsenter	Midtnorsk filmsenter	Vestnorsk filmsenter	Østnorsk filmsenter	Filmkraft Rogaland filmsenter	Sørnorsk filmsenter
<b>Tal på tildelinger</b>							
Kortfilmar som har fått tilskot ...	42	10	6	7	4	12	3
Dokumentarfilar som har fått tilskot .....	59	14	6	18	6	7	8
Animasjon .....	13	-	1	2	2	8	-
Barnefilm .....	4	1	-	1	-	2	-
Novelle, TV .....	2	-	-	-	-	2	-
<b>Tal på premierar (ferdige filmar)</b>							
Ferdigstilte kortfilmar .....	9	4	-	2	3	-	-
Ferdigstilte dokumentarfilar ..	29	11	3	9	6	-	-
Animasjon .....	3	-	-	1	2	-	-
Fiksjon .....	2	-	-	2	-	-	-
Barnefilm .....	4	1	-	1	2	-	-
Dataspel .....	-	-	-	-	-	-	-
TV/anna .....	4	-	-	4	-	-	-

Kjelde: Norsk filminstitutt.

## 13.8. Besøk på kino, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. 2000-2009. Gjennomsnitt og prosent

	Prosent						Besøk i gjennomsnitt					
	2000	2004	2006	2007	2008	2009	2000	2004	2006	2007	2008	2009
<b>Prosentdel, alle .....</b>	<b>65</b>	<b>68</b>	<b>67</b>	<b>67</b>	<b>70</b>	<b>73</b>	<b>4,3</b>	<b>4,1</b>	<b>3,7</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Kjønn</b>												
Menn .....	64	68	66	67	70	72	4,3	4,4	3,7	3,8	3,7	3,7
Kvinner .....	66	68	69	67	71	73	4,2	3,8	3,6	3,4	3,5	3,5
<b>Alder</b>												
9-15 år .....	91	91	91	90	88	86	5,1	5,2	4,7	4,7	4,5	4,5
16-24 " .....	95	91	89	93	92	93	10,0	8,1	7,1	6,7	6,5	6,7
25-44 " .....	71	80	81	80	78	82	4,5	4,9	4,2	4,4	4,2	4,2
45-66 " .....	46	50	47	49	58	59	1,8	1,9	2,0	2,0	2,3	2,2
67-79 " .....	19	26	26	24	39	42	0,5	0,7	0,7	1,3	1,0	
<b>Utdanning</b>												
Ungdomsskolenivå .....	45	44	46	46	53	57	3,3	3,3	2,5	2,7	2,7	2,7
Vidaregående skolenivå .....	58	63	61	61	63	65	3,7	3,5	3,4	2,9	3,2	3,1
Universitets- og høgskolenivå, kort .....	70	79	76	78	76	83	4,2	4,7	3,9	4,2	4,5	4,0
Universitets- og høgskolenivå, lang .....	77	88	81	81	90	84	5,6	5,1	4,9	5,2	4,4	4,3
<b>Hushaldsinntekt</b>												
1. kvartil .....	53	56	56	53	62	64	3,9	3,5	3,8	3,5	3,4	3,4
2. kvartil .....	61	65	66	66	68	67	3,9	3,8	3,1	3,0	3,1	3,3
3. kvartil .....	72	71	72	71	81	68	4,1	4,0	3,5	3,4	4,4	2,8
4. kvartil .....	83	80	81	82	84	80	5,6	4,6	4,2	4,2	4,2	4,0
<b>Yrkesstatus (16-79 år)</b>												
Yrkesgruppe 1-2 .....	73	81	79	78	81	82	5,2	4,8	4,0	4,1	4,1	4,0
Yrkesgruppe 3 .....	77	79	78	78	80	83	4,6	4,9	4,3	4,1	4,5	4,1
Yrkesgruppe 4-5 .....	68	73	71	70	68	76	4,5	3,7	4,1	3,6	3,9	4,0
Yrkesgruppe 6-9 .....	52	61	59	62	66	61	3,4	4,6	3,2	3,3	3,4	2,6
Elevar/studentar .....	91	90	91	97	93	97	8,8	7,6	6,9	6,9	6,4	6,8
Trygd/pensionistar .....	25	32	27	29	38	43	0,8	1,2	0,7	1,0	1,1	1,1
Heimearbeidande .....	46	45	58	:	:	:	1,4	1,6	1,7	:	:	:
<b>Landsdel</b>												
Oslo/Akershus .....	72	78	77	77	79	80	5,3	5,1	4,6	5,0	4,3	4,3
Austlandet elles .....	64	66	64	62	67	71	3,5	4,1	3,0	3,0	3,5	3,2
Agder og Rogaland .....	70	66	68	69	74	75	4,5	3,8	3,5	3,5	3,9	3,7
Vestlandet .....	62	67	65	62	63	69	4,6	3,7	3,6	3,5	2,8	3,4
Trøndelag .....	60	66	68	68	72	71	3,9	3,6	4,1	2,9	3,5	3,4
Nord-Noreg .....	57	60	56	59	69	63	3,6	3,8	3,4	2,9	3,8	3,2

Kjelde: Norsk mediebarometer 2009, Statistisk sentralbyrå.

**13.9. Sal av DVD og Blu-ray. Tal på selde filmar. 2003-2009. Millionar**

2003 .....	9,0
2004 .....	11,2
2005 .....	17,4
2006 .....	20,0
2007 .....	22,3
2008 .....	19,8
2009 .....	19,2

Kjelde: Film og Kino.

## 14. Radio og TV

### 14.1. Nokre resultat

Data presenterte i dette kapitlet er norske radio- og TV-kanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. Medietilsynet har gitt ulike kriterium for allmennkringkasting; kanalane skal bl.a kunne tas inn av heile befolkninga og sikre eit mangfaldig radio- og tv-tilbod, og allmennkringkastarane har blant anna forplikta seg til å ha eit tematisk og sjangermessig tilbod, kome interessa både til breie og smale grupper i møte, og bidra til å styrke norsk språk, kultur og identitet. Jf. avsnitt 14.2. I Noreg var det fire riksdekkjande allmennkringkastarar i 2009; Norsk riksringkasting AS, TV 2 AS, Radio Norge<sup>6</sup> og P4 Radio Hele Norge ASA.

**Radio** Dei radiokanalane i Noreg som baserer seg på prinsippa for allmennkringkasting er bort imot riksdekkjande og sender stort sett 24 timer i døgnet. NRK P2 har sam送ing med NRK P1 om nattradio. Dei fleste programma har dei siste åra hatt ei nokolunde stabil sendeflate. Musikkdelen i NRK P1 har likevel blitt redusert noko dei siste åra, men tal for 2009 viser at talet på timer med musikk er aukande. I NRK P2 har også musikkdelen auka siste året. Både NRK P1 og NRK P2 har redusert nyhetsdelen noko i 2009.

NRK P3 er på lufta heile døgnet og har auka sendetida til musikk med nær 1 000 timer siste året. Musikk utgjer 79 prosent av sendetida i NRK P3 i 2009. Program som omhandlar sex og samliv har òg fått ein litt større del i 2009. Sjå tabellane 14.1 og 14.2 for nærmere detaljar.

Radio Norge har rapportert forpliktande programleveransar for 3 410 sendetimar slik det går fram av Allmennkringkastingsrekneskapen for 2009. Det er litt fleire sendetimar enn for dei to føregåande åra. Programoversikta for Radio Norge (tabell 14.3) viser at programkategorien ”nyheter og aktualitet” har fått større plass i programprofilen med 940 sendetimar eller 28 prosent av alle dei rapporterte timane. Programkategorien ”sport og idrett” har òg fått litt fleire timer i 2009 og utgjer 11 prosent av sendeflata.

P4 Radio Hele Norge ASA rapporterte programflata for 7 346 timer etter Allmennkringkastingsrekneskapen for 2009. ”Program retta mot trafikantar” er framleis den programkategorien som har størst del av sendeflata i P4 med 1 743 timer, eller 24 prosent av alle rapporterte timer. Ungdomsprogramma har fått den største reduksjonen med 310 timer og utgjer nær 9 prosent av sendeflata i 2009.


**Sendetid i TV-kanalane** Norsk Riksringkasting AS (NRK1, NRK2, NRK3 og NRKSuper) og TV 2 AS<sup>7</sup> (hovudkanalen) er dei to TV-aktørane i Noreg som kjem inn under prinsippa for allmennkringkasting. NRK3 og NRKSuper har frå 2007 delt sendeflata med kvarandre. I 2007 blei NRK2 relansert som ein nyhets- og aktualitetskanal. Denne omlegginga førte til endringar i programtilboda. Særleg blei sendeskjemaet for NRK2 lagt om, og NRK3 tok over Interaktive timer (ITV) for NRK2.

NRK1 hadde nær 8 350 sendetimar i 2009, og 1 400 av desse timane inneholdt nyheter. Dette er ein auke på 370 timer samanlikna med året før. NRK2 har hatt ein auke på drygt 300 timer når det gjeld informasjonsprogram siste året, som utgjer til saman 1 500 timer. Nyheter har den lengste sendetida på NRK2 med 2 500 timer i 2009, ein nedgang på om lag 100 timer samanlikna med året før. NRK3 hadde ei sendetid på nær 3 900 timer, der drygt halvparten, 2 000 timer, av sendetida var musikk. NRKSuper brukte nesten halvparten av sendetida på totalt 4 600 timer til ”animasjonsprogram”.

<sup>6</sup> Tidlegare Kanal 24 Norge AS.


<sup>7</sup> TV 2s konsesjon gjekk ut 31.12.2009, og dei er i forhandlingar med staten om ny avtaleperiode.

**Figur 14.1. NRK1, NRK2 og NRK3/NRK Super. Sendetid, etter programtype. 2008-2009.**  
Prosent



<sup>1</sup>Medrekna kunst/kultur/medium. <sup>2</sup>Medrekna naturprogram, religion/livsfilosofi, utdanning og vitskap.  
Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2009.


TV 2 hadde totalt ei sendetid på 7 233 timer i 2009 (ikkje medrekna eigenannonsering), ein auke på 892 timer samanlikna med året før. Programflata er noko endra samanlikna med 2008, der delen underholdningsprogram har hatt den største auken frå 13 til 27 prosent. Delen informasjonsprogram er redusert frå 18 til 12 prosent. Det blir sendt flest dramaprogram på TV2 (2 896 timer), etterfølgt av underholdningsprogram (1 957 timer). Tabell 14.6 er utarbeidd etter TV 2 si eiga fordeling.

**Figur 14.2. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2007-2009. Prosent**

<sup>1</sup>Medrekna kunst/kultur/medium. <sup>2</sup>Medrekna naturprogram og religion/livsfilosofi.

Kjelde: Allmennkringkasteregnskap 2009 TV 2 AS.

**Målform** NRK har eit spesielt krav når det gjeld bruk av målformer i radio og TV-kanalane sine, då selskapet er offentleg eigd og lisensfinansiert. Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Figur 14.3 gir eit oversyn over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i dei ulike NRK-kanalane, og syner at det berre var NRK P1 som oppnådde denne målsettinga (26 prosent) i 2009. Tabell 14.7 gir også eit bilet av målformene, men i denne tabellen skil ein mellom tala på bokmål, nynorsk og dialekt.

**Figur 14.3. Prosentdel nynorsk i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar. 2007-2009. Prosent**

<sup>1</sup>Nynorskdelen for NRK 3 og NRK Super er ikkje rapportert for 2008 på grunn av manglende statistisk materiale.

Kjelde: Norsk Riksringkasting AS.

